

1 TEMATISK KOMMUNEDELPLAN

HEMSEDAL KOMMUNE – PlanID: 2019017



FRILUFTSLIV, IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2023-2027



FORORD

Dette er ein tematisk kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet. Hemsedal kommune har tidlegare hatt to planar som omhandlar tema idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. I planprogrammet (vedteke 03.12.2020) er det bestemt at dei to tidlegare planane skal slåast saman til ein. Planen avløyser: «Stig- og løypeplan» vedteken av kommunestyret den 09.10.2014, sak 64/14 som ein kommunal temaplan, og «Kommunedelplan for idrett og fysisk» aktivitet vedteken av kommunestyret den 14.12.2017, sak 92/17. Hemsedal kommune er med i Miljødirektoratets prosjekt for friluftslivets ferdselsårer, der Viken Fylkeskommune er tungt involvert i satsinga på prosjektet. Det er i planprogrammet lagt opp til at «Friluftslivets ferdselsårer» -prosjektet skal vere ein del av denne kommunedelplanen, der dette prosjektet er synonymt med sti- og løypeplanen. Miljødirektoratet har laga ein eigen veileder for prosjektet friluftslivets ferdselsårer, og arbeidet med sti- og løypeplanen har teke utgangspunkt i denne veilederen. Ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova skil seg frå ein vanleg temaplan ved at den skal følgje prosessreglane i plan- og bygningslova for kommuneplan jf.. §§ 11- 12,13,14, og 15 (planprogram med varslingsplan, høyring og offentleg ettersyn av planforslag og kunngjering av vedtatt plan). I tillegg skal den tematiske kommunedelplanen etter § 11-2 i plan- og bygningsloven ha en handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg. Dei to førre planane har ein handlingsdel med tiltak som vert revidert årleg. Desse handlingsplanane er vidareført i den nye planen. Det er ein god del av tiltaka frå handlingsprogrammet frå tidlegare sti- og løypeplan som er gjennomført, bl.a. den viktigaste: korleis arbeid med stiar og løyper skulle organiserast. Det er difor behov for å endre det løpet planen la opp til i si tid og gjennom ny planprosess finne ut *kva som er viktig for Hemsedal i tida som kjem*; Gjennom planarbeidet har ein kome fram til tre hovud-innsatsområde for dei neste 4 åra: Grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområde, Saman for ei aktiv bygd og Proaktiv besøksstrategi. Desse områda er valt for å møte utfordringsbilda som er beskrive i Kunnskapsgrunnlaget og i kapittel 5 om folkehelseutfordringar i Hemsedal kommune.

Foto på framsida:

Øvst t.v. Kalle Hägglund	Øvst t.h. Solstadbrue – anno 2023
Nedst t.v. Nils Erik Bjørholt	Nedst t.h. Frivillighetssentralen




Foto: Helsingvatnet rundt med utsikt mot Skogshødn, foto: Unni Bratland Mythe

INNHALD

1	TEMATISK KOMMUNEDELPLAN	1
	FORORD	2
2	INNLEIING	6
	2.1 Bakgrunn og formål	6
3	UTVIKLINGSTREKK OG NASJONALE FØRINGAR	7
	3.1 Fysisk aktivitet	7
	3.2 Idrett	7
	3.3 Friluftsliv	7
	3.4 Bestemmingar om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	7
	3.5 FN's berekraftsmål og nasjonale forventingar	8
	3.6 Temaplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet og FNs berekraftsmål	8
4	PLANSTATUS HEMSEDAL KOMMUNE	9
	4.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030 og kommunal planstrategi 2020-2023	9
5	FAKTORAR SOM PÅVERKAR FYSISK AKTIVITET OG EIT AKTIVT LIV	12
	5.1 Trafikktryggleik	12
	5.2 Gå- og aktivitetsvenlege nærmiljø, aktiv transport og grøn mobilitet	12
6	UTVIKLINGSTREKK HEMSEDAL	14
	6.1 Ny sentralskule på Trøim	14
	6.2 Friluftsliv, rekreasjon, nærtur-terreng og gang- og sykkelsti i Hemsedal	14
	6.3 Omsyn til ulike interesser	14
	6.4 Demografi og befolkningsvekst	14
	6.5 Folkehelse-utfordringar i Hemsedal kommune	15
7	UTVALDE MÅL OG FOKUSOMRÅDER	17
	7.1 Mål 1: Grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområder	17
	7.2 Mål 2: Saman for ei aktiv bygd	18
	7.3 Mål 3: Ein proaktiv besøksstrategi	19
8	FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRER (STI OG LØYPEPLAN)	21
	8.1 Avgrensing av arbeidet med prosjektet Friluftslivets ferdselsårer	21
	8.2 Kartlegging ferdselsårer, turruter og målpunkt	21
	8.3 Analyse avvik mellom no-situasjon og mål	22
9	ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 1	23
	9.1 Strategiske tiltak for å nå mål 1	32
10	ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 2	36
	10.1 Strategiske tiltak for å nå mål 2	40
11	ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 3	42
	11.1 Virkemiddel for å styre ferdsel	42

11.2	Strategiske tiltak for å nå mål 3 – virkemiddel for å styre ferdsel	45
11.3	Vurdering av ulike framgangsmetodar for å drifte og vedlikehalde nye typar stiar/løyper/anlegg	46
11.4	Strategiske tiltak for å nå mål 3 - Vurdering av ulike framgangsmetodar for å drifte og vedlikehalde nye typar stiar/løyper/anlegg	48
12	IDRETT- OG AKTIVITETSANLEGG I HEMSEDAL.....	52
12.1	Oversikt aktivitetssanlegg i Hemsedal	52
12.2	Organisert aktivitet.....	55
12.3	Frivillige organisasjonar, fysisk aktivitet og møteplassar i Hemsedal	56
12.4	Uorganisert aktivitet.....	57
13	VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV ANLEGG	58
14	PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM UTBYGGING AV IDRETTS- OG FRILUFTSANLEGG ...	62
14.1	Oversikt prioritering av anlegg og tiltak for å fremje fysisk aktivitet	62
14.2	Handlingsdel oppsummert	63
15	VEDLEGG	66

2 INNLEIING

2.1 BAKGRUNN OG FORMÅL

Planen består av status, behovsvurdering, målsetjing og handlingsplan (prioriteringar). Planen er retningsgjevande, men ikkje juridisk bindande. Planen har status som temaplan og er ikkje juridisk bindande av omsyn til arealdisponering eller økonomi. Innhaldet i planen dannar eit kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen sin arealdel og skal vere retningsgivande for kommunal saksbehandling innan arealplanlegging. Planen seier vidare noko om kommunen si ønska utvikling innan forvaltning og utvikling av ferdselsårer. Kommunedelplanen skal vere eit nyttig verktøy i planlegginga og utbygginga av anlegg og område for idrett og friluftsliv. Sikring av eksisterande og framtidige areal til idretts- og friluftsmål skal skje gjennom arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar. Planen tek føre seg både anlegg det kan søkjast om spelemidlar til og andre tiltak for å fremje fysisk aktivitet. Kommunedelplanen for idrett og friluftsliv er eit krav for å kunne søke om spelemidlar frå Kulturdepartementet.

Formål Friluftslivets ferdselsårer

Formålet med Friluftslivets ferdselsårer prosjektet er å fremje planlegging, opparbeiding, skilting, merking og kartfesting av samanhengande nettverk av ferdselsårer i kommunen.

- Planen skal skape ei felles forståing for målsettinga med arbeidet og betre avklaring av dei ulike partnerane sine oppgåver og roller
- Prosessen skal bidra til at ulike interesser avstemmast
- Ferdig plan vil innehalde ei vurdering av aktivitet og framtidige behov. Ut frå ei behovsanalyse (manglar og forbetringspunkt som er avdekka) vil kommunen med utgangspunkt i målsettinga, vurdere dei ulike aktivitetstiltak som skal prioriterast dei næraste 4 år.
- Ferdig plan vil innehalde forslag til prioritering av tiltak basert på dei måla som er sett for arbeidet

Sti- og løypeplan som nasjonal database for tur- og friluftsruter:

- Nasjonal database for tur- og friluftsruter er en felles nasjonal database for turruter som er knytt opp mot eit forvaltningsregime. Det betyr at ein kommune, lag eller organisasjon har ansvar for tilrettelegging som skilting og merking av turruter.

3 UTVIKLINGSTREKK OG NASJONALE FØRINGAR

3.1 FYSISK AKTIVITET

Berre tre av ti vaksne oppnår anbefalingane om fysisk aktivitet i Noreg. Blant barn er situasjonen betre, men aktiviteten synk raskt med alderen. I 2020 la regjeringa frem ein ny [Handlingsplan for fysisk aktivitet; Saman om aktive liv 2020-2029](#). Eit av hovudmåla i denne handlingsplanen er å auke delen i befolkninga som oppfyller dei helsemessige anbefalingane om fysisk aktivitet med 10 prosentpoeng innan 2025 og 15 prosentpoeng innan 2030. Det andre hovudmålet i handlingsplanen er å skape eit meir aktivitetsvenleg samfunn **der alle**, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn, gis moglegheit til bevegelse og fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet heng nært i hop med helse.¹ I 2018 blei stortingsmelding om folkehelsepolitikken lagt fram. Regjeringa ønska å vidareføre og vidareutvikle eit effektivt, systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. Ein viktig del av dette arbeidet er å skape eit trygt samfunn og fremje helsevenlege val. Særleg på nokon område ønskjer regjeringa å forsterke innsatsen:

1. Tidleg innsats for barn og unge
2. Førebygging av einsemd
3. Mindre **ulikskap** i helse

3.2 IDRETT

Dei overordna føringane for idrettspolitikken leggst til grunn i gjeldande idrettsmelding (2014). Idrettspolitikken skal bidra til at folk har eit breitt spekter av lokalt forankra aktivitetstilbod, både i regi av den frivillige **medlemsbaserte** idretten og gjennom moglegheit for **eigenorganisert** aktivitet. Statens overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen idrett og fysisk aktivitet for **alle**. Det inneberer at staten gjennom sin verkemiddelbruk skal legge til rette for at alle som ønskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste forutsetninga for dette er auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, her under friluftsliv.

3.3 FRILUFTSLIV

Gjennom regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv [«Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet»](#) (2018) vil regjeringa bidra til at endå fleire driv med friluftsliv, og får oppleve friluftsliv som ei kilde til betre helse og høgare livskvalitet. Meldinga omfattar tiltak og føringar innanfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av områder for friluftsliv. Regjeringa vil prioritere **friluftsliv i nærmiljøet**, slik at **alle kan delta**.

3.4 BESTEMMINGAR OM TILSKOT TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Kulturdepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av overskot frå Norsk Tipping AS til idrettsformål. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial, samt nærmiljøanlegg, er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggsfeltet. For at eit anlegg skal kunne søke spelemidlar, skal det vere del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. [Bestemmingar 2021.pdf](#)

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sammen-om-aktive-liv/id2704955/>

3.5 FN'S BEREKRAFTSMÅL OG NASJONALE FORVENTINGAR

Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i fylkeskommunane og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planar, og leggst til grunn for statlege myndigheiter medverking i planlegginga. I 2015 vedtok FN's generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftmåla i Noreg, gjennom ei brei forankring av måla i planlegginga.

3.6 TEMAPLAN FOR FRILUFTSLIV, IDRETT OG FYSISK AKTIVITET OG FNS BEREKRAFTSMÅL



- **Berekraftsmål 3:** Fysisk aktivitet er viktig for å oppnå fleire av FN sine berekraftsmål, deriblant mål 3 om god helse og livskvalitet.
- **Berekraftsmål 10:** Vi ser med grunnlag i utviklingstrekk at det er stor fokus på tilrettelegging for at alle skal kunne delta, i tråd med berekraftsmål 10; mindre **ulikskap**. Universell utforming, inkludering, aktivitet for alle og aktivitetsanlegg tilrettelagt for alle, er gjennomgåande tema for denne planen.
- **Berekraftsmål 11:** Nasjonale forventingar legg opp til ei berekraftig areal- og transportutvikling. Gjennom planlegginga kan det leggst gode rammer for ei betre folkehelse med auka aktivitet for **alle grupper** i befolkninga. Kommunen kan bidra ved å gjere det mogeleg for befolkninga å sykle og gå meir i dagleglivet, med utgangspunkt i kollektivknytepunkt. Ferdsel i grøntområde og naturomgivnader er den enklaste og mest inkluderande forma for friluftsliv. Heilskapleg planlegging av eigenorganisert fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, utvikla i god dialog med innbyggjarar, legg grunnlaget for at planar er i tråd med befolkninga si aktivitetsutvikling og etterspørsel. På denne måten er planen med på å bygge opp om Berekraftsmål nummer 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn.
- **Berekraftsmål 15:** Fysisk aktivitet og tilrettelegging for friluftsliv i naturen, krev at ein samtidig tek høgde for å beskytte, gjenopprette og fremje berekraftig bruk av økosystem og sikrar berekraftig skogforvaltning. I Hemsedal er det særleg aktuelt å bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfoldet der.
- **Berekraftsmål 17:** Regjeringa legg vekt på at det leggst til rette for at innbyggjarar, fritidsbustadeigarar, organisasjonar og institusjonar, frivillig sektor og næringslivet kan delta i planprosessane. Det kan gjerast ved å gjere planprosessane tilgjengelege og forståelege, og ved at ein til rette legg for barn og andre grupper som ikkje er i stand til å delta direkte. I denne planprosessen er det ønskeleg å legge ekstra vekt på barn- og unge sine behov, og å inkludere representantar frå spesielle grupper som t.d. barn og unge, menneske med nedsett funksjonsevne, personar med innvandrarakgrunn, ungdomsrådet og eldrerådet. Ein brei og tverrfagleg medverknadsprosess jf. Plan og bygningsloven byggjer på FN's berekraftsmål nummer 17; Samarbeid for å nå måla.

4 PLANSTATUS HEMSEDAL KOMMUNE

4.1 KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2020-2030 OG KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2023

Kommuneplanens samfunnsdel gjev retning til lokalsamfunnsutviklinga og bidreg til at nasjonale og regionale mål tilpassast lokale forhold. Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel for Hemsedal kommune er bygd opp kring fire målområde: Bulyst, livsløp, miljø og næringsliv. Kommunal planstrategi 2020-2023 legg opp til utarbeiding av ein Bustadsosial handlingsplan, ny kommunedelplan for Kulturminner og kulturmiljø, og utarbeiding av ein Hovudplan for kommunal veg. Strategisk næringsplan er frå 2015 og har varigheit til 2022. Reiselivsnæringa i Hemsedal er hovudnæringa i bygda, der spesielt vinterbaserte aktivitetar og opplevingar står for den største verdiskapinga (TØI). Reiselivsnæringa er ei sektorovergripande næring, der staden utgjer både reisemålet og lokalsamfunnet. Bygde- og stadsutvikling, kultur, natur, idrett, organisasjonsliv og næringsliv glir over i kvarandre, utan alltid tydelege skilje. Parallelt med planprosessen for denne temaplanen går også stadsutviklingsprosjektet «Smart Fjellbygd Trøim». I dette prosjektet ønskjer ein å utvikle bygda gjennom eit felles prosjekt, der fylkeskommune, næringsliv og kommune i fellesskap kan samle seg om å:

- utvikle Trøim sentrum til eit berekraftig lokalsentrum
- skape gode rammer for næringsutvikling og fortetting i sentrum
- etablere lokale, overordna og framtidsretta trafikkløysingar
- vurdere tilknytning mellom sentrum og alpinanlegget, i form av heiser og gondol, samt andre grønne kollektivløysingar
- auke fokuset på Hemsil og kvaliteten knytt til elva og dei blå-grønne områda

Det å samordne innhaldet i denne kommunedelplanen for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet med alle dei ulike planane, er ein viktig føresetnad for ei heilskapleg utvikling av kommunen. Bilete under viser dei mest populære innspela frå innbyggjarundersøkinga for Trøim sentrum – Smart Fjellbygd:

«Kva tilbod og rekreasjonsområder skulle du ønske var tilgjengeleg i Trøim sentrum i 2027?»



Figur 1 Om du ser på resultatata frå medverkinga i SMART-fjellbygd på bildet, og samanliknar med innspela frå medverkingsprosessen med FIFA planen, er elvelangs og park ein fellesnemnar for begge medverkingsprosessane.

Fire målområde i samfunnsdelen: (1) Bulyst (2) livsløp (3) miljø og (4) næringsliv

Mål 1 Kommuneplanens samfunnsdel: *Bulyst*

Aktuelle delmål og strategiar:

- Delmål 3. Variert kultur- og friluftsliv
 - Innbyggjarinvolvering for utvikling av lokalsamfunnet (Kommune 3.0)
 - Innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom bevisst estetikk og byggeskikk
 - Vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevingstilbod
 - Vitale og attraktive tettstadssentrum

Mål 2 Kommuneplanens samfunnsdel: *Livsløp*

Aktuelle mål og strategiar:

- Delmål 1. Inkluderande, levande og mangfaldig lokalsamfunn utan sosiale skilnader
 - Alle innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å bidra og delta i lokalsamfunnet
 - Legge til rette for eit rikt kultur-, idretts- og organisasjonsliv
 - Etablere fleire møteplassar for ungdom i alderssegmentet 16-20 år
- Delmål 2. Born og unge opplever meistring, tryggleik, inkludering, trivsel og framtidstru
 - Aktivt og variert kultur-, idretts-, og fritidstilbod i samarbeid med frivillig sektor
- Delmål 3. Gode rutinar og sunn livsstil med tidleg innsats gjennom heile livsløpet.
 - Fysisk aktivitet og helsefremmande tiltak ovanfor alle innbyggjarane i samarbeid med frivillig sektor
 - Legge til rette for at innbyggjarane kan ivareta eiga helse

Mål 3 Kommuneplanens samfunnsdel: *Miljø*

Aktuelle mål og strategiar:

- Delmål 1. Norges «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve til CO2 utslepp
 - Hemsedal sertifisert som berekraftig reisemål
 - 40% samla reduksjon i klimagassutslepp i høve 2009-tal, korrigert for innbyggjartal
- Delmål 2. Ta vare på kulturminner, naturmiljø og kulturlandskapet gjennom bruk
 - Gjere friluftsområder og kulturminner meir tilgjengeleg gjennom bevisst folkehelsearbeid
- Delmål 3. Langsiktige og heilskaplege arealbruks- og utbyggingsplanar
 - Skjerme samanhengande natur- og landbruksområde slik som nordsida av dalen f.o.m. foten av Skogshorn t.o.m. Høgeloft

- Fortette og samle utbygging basert på kunnskap og heilskapleg arealplanlegging
- Oppretthalde verdien av viktige jordbruks-, støls og beiteområde med vekt på dyrka mark, ivareta biologisk mangfald og landskap

Mål 4 Kommuneplanens samfunnsdel: *Næringsliv*

Aktuelle mål og strategiar:

- Delmål 1. Heilårleg berekraftig reiselivsutvikling
 - Legge til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støtter opp under kjerneverksemd og destinasjon
 - Trinnvis utvikling av Røggelia som reiselivstilbod for å sikre høg grad av lokal verdiskaping
 - Støtte opp under Hemsedal Turisttrafikklag som eit samlande verktøy for reiselivsutvikling
 - Bidra til kompetanseutvikling og fellesgodefinansiering av infrastruktur
 - Vidareutvikle det vinterbaserte reiselivet og styrke det sommarbaserte reiselivet
- Mål 4. Miljøvenleg infrastruktur og kollektivtilbod
 - Utbygging tilrettelagt for sykkel og mjuke trafikkantar
 - Kvalitet kontra kvantitet
- Mål 5. Eit landbruk bygd på framtidstru og miljø
 - God samhandling mellom landbruk og turisme

Figur 2 Kommunedelplanen for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet er eit strategisk verktøy for å realisere måla i kommuneplanens samfunnsdel (som er det overordna styringsdokumentet for ein kommune).

5 FAKTORAR SOM PÅVERKAR FYSISK AKTIVITET OG EIT AKTIVT LIV

Faktorar som påverkar fysisk nivå er skissert i en viftemodell (sjå figur under). Alle laga og delane i vifta påverkar kvarandre. **Arbeidet for auka fysisk aktivitet i befolkninga krev derfor innsats på tvers av alle sektorar, der både private, frivillige og offentlege aktørar deltek.** Frivillige organisasjonar er ein viktig aktør i forbindelse med tilrettelegging av aktivitet der folk bur ².



Figur 3 Faktorar som påverkar fysisk aktivitet ³

5.1 TRAFIKKTRYGGLEIK


Tryggleik, sikkerheit og tilgjengelegheit er andre viktige faktorar i tillegg til dei i figur 1. Trafikksikre områder kan bidra til å fremje fysisk aktivitet. Det er blant anna eit mål i Nasjonal transportplan 2018-2029 (Samferdselsdepartementet 2017) om å legge til rette for at 8 av 10 barn skal gå eller sykle til skulen. Hemsedal har godkjenning som «Trafikksikker kommune» via Trygg trafikk. Dei fleste elevar som bur innanfor grensa for skyss, har gang- og sykkelveg til skulen. Hemsedal kommune vil hausten 2022 delta på Viken Fylkeskommune sin «Reisevaneundersøkelse skuleveg Viken 2022». Undersøkinga er tiltenkt besvart av elevar ved 1.-7.trinn, og vil bli sendt ut årleg slik at ein kan følgje utviklinga. Då vil ein mellom anna kunne sjå korleis ein ligg ann i forhold til målet om at 8 av 10 barn skal gå eller sykle til skulen.

5.2 GÅ- OG AKTIVITETSVENLEGE NÆRMILJØ, AKTIV TRANSPORT OG GRØN MOBILITET

Nærleik til attraktive grøntområde fremjar fysisk aktivitet både i kvardag og fritid. Aktivitetsvennlege bu- og nærmiljø handlar mellom anna om å leggje til rette for naturopplevingar, friluftsliv, idrett, eigenorganiserte aktivitetar og aktiv transport, og det handlar om enkel tilgang til kollektivtransport og nærleik til natur- og rekreasjonsområde. Nær tilgang til grøntområde er særleg viktig for barn, gravide, eldre og menneske med avgrensa økonomiske ressursar.

² Helsedirektoratet 2018, Folkehelse og bærekraftig samfunnsutvikling

³ World Health Organization (2006) Promoting physical activity and active living in urban Environments. The role of local governments, oversatt i [Helsedirektoratets kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet](#)



Figur 4 Kor langt ulike aldersgrupper beveger seg frå bustad ⁴

Det er vist at det er mogleg å få dobbelt så mange til å gå ved å utvikle aktivitetsvennlege nabolag etter enkle prinsipp. Mellom anna kan bygde omgivnader utformast slik at det stimulerer fleire til å gå; med bilfrie plassar, parkar og passasjar med god estetisk utforming. Turstiar, turvegar og skiløyper er av dei viktigaste anleggstypene for å stimulere til nærtur-aktivitet ⁵.

⁴ [Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 Sammen om aktive liv.](#)

⁵ [Folkehelsemeldinga St. Meld. 19 «Gode liv i eit trygt samfunn» 2018-2019](#)

6 UTVIKLINGSTREKK HEMSEDAL

6.1 NY SENTRALSKULE PÅ TRØIM

Hausten 2023 er utbygginga av felles barne- og ungdomsskule på Trøm planlagt å vere ferdig. Dette vil endre på skyssgrenser, jobb- og skuleveg for både tilsette og elevar. I tillegg er det planlagt opning av to nye aktivitetsparkar i forbindelse med utviding av skulen, med planlagt opning hausten 2023. Ei auke i sambruk av skulelokala og av området rundt sentralskulen, vil kunne bidra til auka besøk og trafikk inn mot området frå andre aldersgrupper- og brukarar.

6.2 FRILUFTSLIV, REKREASJON, NÆRTUR-TERRENG OG GANG- OG SYKKELSTI I HEMSEDAL


Det finst fleire gode nye anlegg som legg til rette for fysisk aktivitet i befolkninga i Hemsedal. For eksempel Gravsetstugu, rulleskiløypa, Tufteparken og 5:er banen. Høyt og lavt er eit kommersielt tilbod i Trøm sentrum som blir brukt av mange barn, unge og familiar som eit aktivitetsanlegg. Stiar og løyper er stadig i vedlikehald og utvikling. Siste store tilrettelegging var Skogshornstigen som var ferdig i 2019. Hausten 2021 vart utbygginga av ein 10,5 km «Blå Flytsti» i Hemsedal Skisenter ferdigstilt. Å satse på ei heilårleg berekraftig reiselivsutvikling, der ein legg til rette for sykkel- og aktivitetstilbod som støttar opp under kjerneverksemd og destinasjon, er eit av delmåla i kommuneplanens samfunnsdel. Hemsedal har eit godt utbygd gang- og sykkelvegnett, særleg når ein tek med dei nye gang- og sykkelvegane som er under regulering/bygging (Trøm-Hemsedal Skisenter, Tuv-Venås bru og Torset bru-til nytt bustadområde BU6). Desse gang- og sykkelvegane fungera som raske transportårer for mjuke trafikkantar. Dei fleste ligg plassert rett ved sidan av riksveg, fylkesveg eller kommunal veg med biltrafikk. Sjølv om det er gode transportårer for mjuke trafikkantar, byr gang- og sykkelvegane på lite rekreasjon.

6.3 OMSYN TIL ULIKE INTERESSER

Det er viktig at sti- og løypenettet vert utvikla vidare på ein måte som tek vare på interessene til grunneigarane og tek naudsynt omsyn til opplevingsverdiar, folkehelse, kulturmiljø, biologisk mangfald, og samstundes bidreg til bu- og reiselivsutvikling.

6.4 DEMOGRAFI OG BEFOLKNINGSVEKST

Prognose for folketalsutvikling for Hemsedal kommune:



6.5 FOLKEHELSE-UTFORDRINGAR I HEMSEDAL KOMMUNE


Kommunane har ansvar for å ha oversikt over helse-utfordringane blant sine egne innbyggjarar og plikt til å setje i verk nødvendige tiltak for å møte utfordringane. Gjennom folkehelselova har kommunane ei sentral rolle og eit tydeleg ansvar for å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Folkehelse er eit ansvar for heile kommunen, ikkje berre for helsetenestene. Kommunen har ansvar for å fremje folkehelse gjennom alle verkemidla sine og i dei oppgåvene kommunen er tildelt. Basert på tilgjengeleg statistikk og informasjon skal kommunane skaffe seg oversikt over dei lokale påverknadsfaktorane og skildre helsetilstanden blant innbyggjarane sine. Deretter blir det forventa at kommunane nyttar denne oversikta som grunnlag for planstrategien sin og i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova. Oversikta skal òg danne grunnlag for fastsetjing av mål og strategiar, og for utvikling av tiltak som kan møte dei **folkehelseutfordringane kommunen står overfor**. Til saman utgjer dette eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid som er politisk forankra og integrert i plansystemet i kommunen.

Folkehelse-utfordringar i Hemsedal kommune (utdrag frå Folkehelsemeldinga)

Generell helse i Hemsedal:

- ein høg forventa levealder for både kvinner og menn, med fleire år meir for begge kjønn enn landstala
- ein høgare andel som har muskel- og skjelett plager enn landstala
- ein høgare andel innvandrarar i befolkninga enn fylke- og landstala

Ein ser av tabell under at det i store drag dreier seg om arbeidsinnvandring, og at det er ein mindre andel menneske med flyktning-bakgrunn som bur i Hemsedal. Dette har innverknad på kva tiltak det er behov for å iverksette i folkehelsearbeidet.




Figur 5 Oversikt nasjonalitet på personar med innvandrar bakgrunn i Hemsedal

Barn og unge:

- ein høgare andel av ungdommen som er generelt fornøgd med helsa, enn elles i fylket og landet
- ein høgare andel barn/unge som rapporterer om psykiske plager, særleg blant dei yngste
- andelen ungdommar som er fornøgd med lokalmiljøet er låg og lågare enn i fylket og landet
- ein lågare andel unge som er med i ein fritidsorganisasjon enn elles i fylket og landet


Hemsedal har ein høgare del unge som rapporterer psykiske plager, og delen ungdommar som er fornøgd med lokalmiljøet er lågare enn i fylket og i landet. Dei to nye aktivitetsparkane i tilknytning til ny sentralskule i Hemsedal kan vere eit viktig tiltak for å tilrettelegge for uorganisert aktivitet og skape sosiale møteplassar. Aktivitetsparken vil vere tilgjengeleg for menneske i ulik alder og med ulike funksjonsnivå. Det er ein stor del av ungdomane i Hemsedal som ikkje driv organisert aktivitet. Aktivitetsparken kan bidra til å auke aktivitetstilbodet for å betre nå denne målgruppa med eigenorganisert aktivitet.

Nærmiljø og tilgang på fasiliteter



Figur 6 Viken Fylkeskommune si folkehelseundersøking 2021

Organisert aktivitet - daglig eller ukentlig



Figur 7 Innbyggjarane i Hol og Ål skil seg ut på antal innbyggjarar som driv organisert aktivitet (2021)

7 UTVALDE MÅL OG FOKUSOMRÅDER

7.1 MÅL 1: GRØN MOBILITET OG TILGJENGELEGE OG ATTRAKTIVE NÆROMRÅDER

Fokusområde:

1. Vidareutvikle infrastruktur og blå-grøne korridorar for gjennomgåande sti- /tur-/sykkel- /ski og løypenett som bind bustadområde, skular, institusjonar, friområde og nærmiljøanlegg saman, tilgjengeleg innanfor 300 meter frå der folk bur
2. Tilrettelegging for sosiale møteplassar i tilknytning til aktiv forflytting via sti- og løypenett/gangveggar (inkl. kulturstiar)
3. Alle som bur i tettstadane har ein heilårs turrute/sti/rundtur tilgjengeleg frå bustadområdet (ca.30-45minutt)
4. Turområde i sentrum som er universelt utforma (blå-grøn struktur)



Helsedirektoratet vurderer at ein bør bevege seg minimum 60 minutt om dagen. Lett, sikker og trygg tilgjengelegheit mellom bustad og jobb/skule, samt offentlege rekreasjonsområde, slik som friluftsliv og idrettstilbod og sentrumsfasilitetar, aukar gåing og sykling på tvers av demografien.

Attraktiviteten på tilrettelegginga for aktiv transport som gåing og sykling viser seg også å påverke fysisk helse i ei befolkning. Ei rekkje internasjonale studiar viser ein sterk samanheng mellom eit lokalsamfunns estetiske og sansemessige kvalitet og fysisk helse. Rundturar og turar i naturlege omgjevnadar er meir attraktive enn turar som går fram og tilbake eller i bebygde og trafikkerte områder. I tillegg har folk som bur i fotgjengarvenlege lokalsamfunn meir sosialkapital (meir sosial kontakt/sosiale nettverk) enn folk frå bilavhengige lokalsamfunn, noko som igjen kan påverke den psykiske helsa. **I samfunnsdelen til Hemsedal kommune er eit overordna mål å skape innbydande og attraktive sosiale møteplassar gjennom bevisst estetikk og byggeskikk, og å vidareutvikle kulturmiljø som viktige identitets- og opplevingstilbod. Det er også lagt legg vekt på å legge til rette for at innbygarane kan ivareta eige helse.**

Helsegevinsten ved at innbygarane er meir aktive er stor, der gevinsten også omfattar eit økonomisk perspektiv for kommunen. I eit eksempel frå Danmark har dei berekna seg fram til at når ein person i København vel å reise med bil «kostar» det kommunen 1,70 NOK per kilometer køyrd. Til samanlikning «tenar» kommunane 0.85 NOK per kilometer når en person vel å sykle.⁶

Friluftslivets ferdselsårer er eit prosjekt sett i gong i 2019 av Miljødirektoratet, for å hjelpe kommunane med å lage planar for friluftslivets ferdselsårar. Viken Fylkeskommune er tungt involvert i satsinga på prosjektet, og har vore rådgjevarar inn planprosessen. Prosjektet er ei oppfølging av regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv. Gjennom friluftslivets ferdselsårer kan ein sørge for gode

⁶ [helsefremmende-stedsutvikling_norsk.pdf\(tonsberg.kommune.no\)](https://helsefremmende-stedsutvikling_norsk.pdf(tonsberg.kommune.no))

tilbod til befolkninga med tanke på folkehelse, livskvalitet, bulyst og reiseliv. Dette er heilt i tråd med dei fire målområda i samfunnsdelen til Hemsedal kommune (bulyst, livsløp, miljø og næringsliv). Prosjekt for Friluftslivets ferdselsårer skal identifisere, ivareta og utvikle stiar, turveggar, løyper og led som er viktige for friluftsliv. Miljødirektoratet har utvikla ein veileder for dette arbeidet, som beskriv arbeidet steg for steg frå oppstart av planarbeidet, til kartlegging av no-status, analyse av forslag og tiltak, og fram til endeleg vedtak. For å nå mål 1 om grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområder, er veilederen «[Plan for Friluftslivets Ferdselsårer](#)» brukt som eit konkret verktøy. I kartlegginga tek ein utgangspunkt i ein radius på 300 meter frå bustadområde, i samsvar med bevegelses radiusen til eldre (jamfør illustrasjon s.13, over kor langt ulike aldersgrupper beveger seg frå eigen bustad). **Då tek ein i størst grad omsyn til målområdet i samfunnsdelen til Hemsedal om eit brukartilpassa bumiljø for eldre.**

Ein av samferdselsstrategiane til Viken fylkeskommune for distrikta er å vurdere korleis gåing og sykling kan bli eit sterkare supplement til personbiltrafikk utan store investeringar. Det nemnast vidare moglegheita for å legge til rette for bruk av gamle ferdselstrasear for gåing og sykling. Gang- og sykkelveggar skal kunne fristillast frå eksisterande vegtrasé. Nasjonale forventningar legg vekt på å sikre byrom og **blågrøn infrastruktur** med stiar og turveggar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn, og legg til rette for fysisk aktivitet og **naturopplevingar for alle**. I reguleringsplanen for Trøim sentrum er eit av formåla med planen å opne opp mot Heimsil (elva) og få til samanhengande blå-grøn struktur langs elva. Ei vidareføring av denne tankegangen i denne planen, er å legge til rette for **turstiar med høg grad av tilrettelegging i sentrumsområde**, for å i større grad gjere områda tilgjengeleg for *alle*.

7.2 MÅL 2: SAMAN FOR EI AKTIV BYGD

Fokusområde

1. Fokus på brei medverking i prosessen (inkludere «taus» kunnskap)
2. Fellesgode og fellesområde for alle
3. Sette av tilstrekkeleg med areal for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, basert på dokumenterte behov. Heilskapstenking i takt med befolkningsutviklinga og reiselivsutviklinga.
4. Å forankre arbeidet med Berekraftig reisemål i kommunedelplanen
5. Aktivt søke løysingar som fordrar sambruk, og betre utnytting av ressursar



I samfunnsdelen har Hemsedal som **mål å bli Norges «grønaste» fjellbygd innan 2030 i høve til CO2 utslepp**. Ein av strategiane for å nå målet er at Hemsedal skal **bli sertifisert som berekraftig reisemål**. Dette er ei merkeordning i regi av Innovasjon Norge. Å bli Berekraftig reisemål krev forankring; både i reiselivet, men også i kommunen forøvrig (politisk/administrativt) og i resten av næringslivet. Sertifiseringa for merkeordninga bygger på 10 prinsipp for berekraftig reiseliv. Ein

grunnleggande tankegang er å vere bevisst samanhengen rundt reiselivsutviklinga og lokal samfunnsutvikling. Desse prinsippa har mykje til felles med innhaldet i kommunedelplanen for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet. Det er Hemsedal Trafikkturistlag (HTTL) som eig prosjektet Berekraftig reisemål, og prosessen med kommunedelplanen legg opp til samarbeid rundt ulike tema som berører begge partar. Eit av dei 10 prinsippa er lokal livskvalitet og sosiale verdiar. Det går ut på å bevare og styrke livskvaliteten i lokalsamfunnet, inkludert sosiale strukturar, tilgang til ressursar, fasilitetar og fellesgodar for alle.

Forsking viser at det er ein samheng mellom sosioøkonomisk status og helse. Universelle strategiar og fellesgodetiltak som rettar seg mot heile befolkninga vil ha størst effekt for å utjamne sosiale helseskilnader⁷. Fellesgode for alle er også eit av fokusområda i samfunnsdelen til Hemsedal. I tillegg ønskjer ein gjennom planprosessen for denne kommunedelplanen, å sjå på moglegheitene for betre utnytting av ressursar gjennom gode samarbeid og ulike moglegheiter for fellesskapsfinansiering.

I føresegnene til arealdelelen til kommunen er det trekt fram at det er nødvendig med ei tydeleggjering av tiltakssoner. Det vil for eksempel sei å sjå på moglegheita for å knyte sti- og løypetiltak saman med rekkefølge føresegner innanfor dei ulike tiltaksonene.

Samfunnsutvikling utnyttast best når forskjellige aktørar frå fleire ulike delar av samfunnet kjem saman for å dele kunnskap og forme framtida. Lokale aktørars idear og forhåpningar får sjeldan plass i planlegginga, med unntak av kommunalt organiserte fokusgrupper. Det gjer at for eksempel gang-trafikk ofte blir nedprioritert. Prosessane bak ekskluderinga er ofte eit resultat av planlegging som generelt bygger lokalmiljø for lokalbefolkninga, utan å alltid verkeleg undersøke eller anerkjenne behova til lokalbefolkninga. Det finst ulike metodar for medverking som er anbefalt; midlertidige installasjonar, pop-up stand eller pilotprosjekt har gjeve gode resultat. Eit tiltak i planprosessen for å forsøke å hente inn lokalkunnskapen til innbyggjarane, er stands på ulike plassar i Hemsedal. Her vil ein hente inn kunnskap om korleis lokalbefolkninga beveger seg i lokalmiljøa, kva dei set pris på i nærområdet og kva dei saknar/ønskjer forbetra osv.

Sambruk legg grunnlag for felles aktivitetar, uformelle møte og gjensidig ressursutnytting. Det er behov for å utvikle eit mangfald av gode møteplassar mellom generasjonane – både ved å etablere møteplassar mellom unge og eldre i dagleglivet og ved å organisere aktivitet og verksemd på tvers av generasjonane. I dette arbeidet er både barne- og ungdomsråd, eldreråd, ideelle og frivillige foreiningar og organisasjonar (for eksempel Hemsedal Utmarksservice og Frisklivssentralen) viktige bidragsytarar og samarbeidspartnarar i planprosessen⁸.

7.3 MÅL 3: EIN PROAKTIV BESØKSSTRATEGI

Fokusområde

1. Kanalisering av ferdsel
2. Vise omsyn til kartlegging og vern av sårbar natur og trua artar
3. Tilrettelegge for å førebygge konflikhtar, i form av parkeringsplassar, gradering, opplærande informasjon og skilting.
4. Vurdering av ulike framgangsmetodar for å drifte og vedlikehalde nye typar stiar, løyper og anlegg

⁷ Folkehelsemeldinga (Meld. St. 19 2018-2019) «Gode liv i eit trygt samfunn»:

⁸ Folkehelsemeldinga (Meld. St. 19 2018-2019) «Gode liv i eit trygt samfunn»:

«Besøksforvaltning betyr at ein sikrar ei berekraftig utvikling som er innafor grensene til det natur, landskap, miljø, lokalsamfunn og lokal kultur toler, samtidig som det gir grunnlag for sunn næringsdrift og lokal verdiskaping».



Gjennom innsamling av lokal kunnskap fekk ein tydeleg kjennskap til at det over tid har bygd seg opp utfordringar knytt til ferdsel i utmark, særleg sommartid. Som ein del av planprosessen med FIFA-planen har ein sett utfordringane i samanheng med fagkunnskap om besøksforvaltning. For å lykkast med å ta vare på verdiane og samfunnsutviklinga, er det viktig med eit godt samspel mellom offentlege og private aktørar, mellom det kommersielle og det ikkje-kommersielle. Lokal kompetanse på besøksforvaltning set innbyggjarar, grunneigarar og grendelag i stand til å ta ei meir aktiv rolle i å målbære sine verdier, ønsker og behov. Gjennom ei strategisk besøksforvaltning kan ein legge til rette for og styre bruken av eit område slik at kunnskapen om og omsynet til ferdsel i naturen aukast og verdiane ivaretakast. Ei besøksforvaltning i Hemsedal inkludera heile kommunen. Sør-aust i kommunen grensar kommunen til Nasjonalt villreinområde for rein. Det inkludera ei randsone i ytterkant av verneområde. Derfor har Villreinnemnda og Fylkeskommunen vore involvert i planprosessen.

I arbeid med besøksforvaltning bør det gjerast ein systematisk gjennomgang av all relevant infrastruktur i kommunen. Eksempel kan vere parkeringsplassar, informasjonsskilt, stiar, løyper og toalettfasilitetar. Annan relevant kunnskap kan vere å ta omsyn til dyr på beite og areal kor det oppstår konflikt mellom brukarinteresser. Kommunikasjonen kan løfte fram og tilgjengeleg gjere nokon områder med sine kvalitetar og opplevingar, samtidig som den tar merksemda bort frå sårbare områder.

Kommunen si oppgåve er å legge til rette for «alle», mens reiselivet som næring har ansvaret for det kommersielle aspektet ved bruken av området. **Besøksforvaltning i praksis dreier seg i stor grad om å avklare roller og ansvar og å sikre ei omforent reisemålsleiing som over tid kan utvikle eit forpliktande og effektivt samspel mellom det offentlege, lokalsamfunnet og næringsaktørane.**

Forvaltninga skal ikkje vere ein næringsaktør. Eit godt samspel mellom naturmangfaldplanen, friluftslivsinteresser og næringsliv er nødvendig for å sikre best mogleg tilrettelegging for besøkande, kanalisere bruk til områder som kan tåle det og skjerme sårbar natur mot slitasje. I dei områda ein bestemmer å kanalisere større volum av ferdselen kan ein legge til rette for tiltak som kan bidra til å trekke besøkande til områda.⁹ Å tilrettelegge for friluftsf ferdsel har vist seg å auke aktiviteten spesielt blant nye og uerfarne brukarar, noko som er positivt sidan denne gruppa er ei særleg viktig målgruppe for kommunedelplanen.

Ein del av dei ny-etablerte anlegga i Hemsedal har både den besøkande og innbyggjaren som målgruppe. Pump-tracks, flytsti, aktivitetspark og Skogshornstigen ligg i grenseland mellom kommersielle anlegg, nær-anlegg og turstiar. Strategien i FIFA-planen for å finne effektive løysingar for drift og finansiering av slike meir hybride anlegg, er å sjå på desse utfordringane ilag med andre aktørar i kommunen og eventuelt regionen.

Planen tek føre seg både anlegg det kan søkjast om spelemidlar til og andre tiltak for å fremje fysisk aktivitet. Omgrep «anlegg» er i denne samanhengen brukt om tilretteleggingar det kan søkjast om spelemidlar til. Dette gjeld også tilretteleggingar ein i daglegtalen ikkje omtalar som «anlegg», til dømes eit turkart eller ein tursti.

⁹ <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M415/M415.pdf>

8 FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRER (STI OG LØYPEPLAN)

Sti- og løypeplan er eit kjent omgrep. Slike planer har vore utarbeida i mange ulike former og for mange ulike formål, men har ikkje hatt ei felles metodisk tilnærming og oppbygging. Friluftslivets ferdselsårer er eit prosjekt sett i gong i 2019 av Miljødirektoratet, for å hjelpe kommunane med å lage planar for friluftslivets ferdsleårar. Prosjektet er ei oppfølging av regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv. Miljødirektoratet har utvikla ein veileder for dette arbeidet, som beskriv arbeidet steg for steg. Formålet med denne veilederen er blant anna å presentere korleis arbeidet kan gjennomførast på ein systematisk måte, tilpassa den enkelte kommune sine egne målsettingar (i Hemsedal sitt tilfelle ut i frå dei 3 måla til FIFA-planen) og behov. Sjølv om det i veilederen gjennomgåande brukast omgrep som ferdselsårer, turruter, trasear og plan for friluftslivets ferdselsårer, så vil det i mange tilfelle vere det som er kjent som sti- og løypeplanar som skal utarbeidast. Sti- og løypeplan arbeidet har vore på eit strategisk nivå i arbeidet med FIFA-planen. Oppdatering av eksisterande sti- og løypeplan blir først eit resultat av iverksetjing av handlingsplanen for FIFA-planen.

8.1 AVGRENSING AV ARBEIDET MED PROSJEKTET FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRER

- **Geografisk fokusområde med bakgrunn i mål 1:**
Med bakgrunn i målet om grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområde, fokusera Friluftslivets Ferdselsårer prosjektet på nærområda rundt der folk bur.
- **Avgrensing høg grad av tilgjengelegheit:**
Sentrum: Turar med høg grad av tilrettelegging (barnevogn/gå-stol) skal sentrerast rundt sentrumsområda (Trøim, Ulså og Tuv).
Grad av tilrettelegging andre områder utanfor sentrumskjernen: Skal vere tilgjengeleg for gåande/syklende.

8.2 KARTLEGGING FERDSELSÅRER, TURRUTER OG MÅLPUNKT

- **Kartlegging no-status:**
Det er i prosessen med prosjektet utarbeida ei kartlegging av no-status. All innsamla data utgjer eit manuskart-prosjekt i QGIS (kartprogram). I manuskartet har ein henta data frå:
 - eksisterande sti- og løypenett (den offisielle turrutedatabasen til kartverket)
 - Felles kartdatabase (FKB Traktorvegsti)
 - Kart anleggsregisteret.no som viser idrettsanlegg i Hemsedal
 - Vedtekne arealplanar og reguleringsplanar er vurdert for å sjå om der er behov som bør ivaretakast i analysen, og der eventuelle behov blir tatt høgde for i plan for friluftslivets ferdselsårer.
 - Beitbruksplanen
- **Definisjon ulike ferdselsårer brukt i prosjektet:**
 - **Sti** er eit tydeleg, smalt og samanhengande tråkk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.
 - **Turveg** er en opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jamt og fast toppdekke i minst 1,2 m bredde. Ønskeleg å også bruke definisjonen «opparbeida fleirbrukssti».

- **Løyper** er ferdselsårer på snødekt mark som jamleg trakkast eller preparerast, eller som merkast eller kvistast som trasear for vinterferdsel.
- **Sykkeleruter:** Grusveg baserte ruter
- **Sykkelsti:** Profesjonelt bygd sti etter kvalitetsnorm for bygging av sykkelsti
- **Målepunkt** er både stadar der det er naturleg å starte og avslutte bruken av ferdselsårene og attraksjonar/ stadar som motiverer til bruk av dei. Eksempel på slike stadar er haldeplassar for offentlig transport, innfallsportar, parkeringsplassar, utsiktspunkt, serveringsstadar, skular/barnehagar, kulturminner, osv. Veilderen til Miljødirektoratet presentera ulike aktuelle målepunkt å registrere saman med turrutene (sjå tabellar under). Nokre av desse målepunkta er registrert i manuskartet.

Type	Forklaring / funksjoner
Rasteplass	
Aktivitetsområde	Aktivitetspark, klatrefelt, hundeslippområde, ridesenter, stallplass, idrettsanlegg, fiskeplass, badeplass, trimkasse/turkasse, læringssted, startpunkt luftsport
Overnatting	Hotell, gjestgiveri, camping, hytte, hytte ubetjent, hytte selvbetjent, hytte betjent, gamme, teltplass
Parkering	Helårs, sommer, vinter
Havn	Gjestehavn, naturhavn, båtutsett, kajakkutsett, landingsplass kajakk,
Kollektivpunkt	Buss, ferge, båt, tog, t-bane, trikk, gondol, stolheis,
Servering	Kiosk, butikk, serveringssted
Severdighet	Utsiktspunkt, kulturhistorie, natur, kunst, læringssted
Institusjon	Skole, barnehage, sykehjem, eldresenter, sykehus, turistinformasjon, utstyrsutleie, kortsalg/nøkkelutlevering, annen institusjon
Annet målpunkt	Fritekst

Figur 8 Eksempel målepunkt

Benker/bord	Badeplass	Gapahuk	Informasjonsskilt/ tavle
Bål-/grillplasser	Baderampe	Teltplass	Severdighet
Kiosk/serveringssted	Stupebrett/badetrapp	Hytte betjent	Kulturminne
Parkeringsplass	Brygge	Hytte selvbetjent	Utsiktspunkt
Toalett	Båtutsettingsrampe	Hytte ubetjent	Trimpost/turkasse

Figur 9 Målepunkt å registrere saman med turrutene

8.3 ANALYSE AVVIK MELLOM NO-SITUASJON OG MÅL

Analysen er ein systematisk gjennomgang der formålet er å vurdere dagens situasjon opp mot måla. Analysen skal identifisere svakheiter og manglar der det er behov for tiltak for å kunne nå måla.

9 ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 1

MÅL 1: GRØN MOBILITET OG TILGJEGELIGE OG ATTRAKTIVE NÆROMRÅDER

Fokusområde:

1. Vidareutvikle infrastruktur og blå-grøne korridorar for gjennomgåande sti- /tur-/sykkel- /ski og løypenett som bind bustadområde, skular, institusjonar, friområde og nærmiljøanlegg saman, tilgjengeleg innanfor 300 meter frå der folk bur
2. Tilrettelegging for sosiale møteplassar i tilknytning til aktiv forflytting via sti- og løypenett/gangveggar (inkl. kulturstiar)
3. Alle som bur i tettstadane har ein heilårs turrute/sti/rundtur tilgjengeleg frå bustadområdet (ca.30-45minutt)
4. Turområde i sentrum som er universelt utforma (blå-grøn struktur)



Målepunkt som viktige innfallsportar/Friluftsportar

«Målepunkt» er viktige for å stimulere til bruk av ferdselsårene. Det kan være start- og sluttpunkt som parkeringsplassar, skular, bustadområde, haldeplassar eller liknande som etablerast eller koplatt inn i ferdselsårenettet med nye trasear ([veilder friluftslivets ferdselsårer](#)). Arbeidet med å utvikle eit grønt mobilitetsnettverk i Hemsedal bygger på denne logikken om å bruke målepunkt for å stimulere til bruk av ferdselsårene. Dette er viktige prinsipp å ha med seg når nærturar, forbindelsar, parkeringar og løyper skal konkretiserast.

Målepunkta kan utgjere «Innfallsportar», som er stadar tilrettelagt for å opne opp for turar i bakanforliggende områder. «Innfallsportar» ligg gjerne i overgangen mellom turområda og andre type areal, og er i mange tilfelle avgjerande for bruken. Både kapasitet, beliggenhet og attraktivitet kan være avgjerande for bruken av ferdselsårene som er kopla til desse. Etablering av Friluftsportar (sjå [friluftsråd.no](#)) er ein metode for å bidra til å gjere viktige innfallsportar meir attraktive. Friluftsportar kan også vere attraktive plassar å oppsøke når folk er på tur, for eksempel utsiktspunkt, serveringsstader, fiskeplassar, bålplassar, hytter for allmennheten osv.

Kartlegging tilgjengelegheit friluftsområder – prosjekt finansiert av Kartverket

Hemsedal kommune har fått tilskot frå Kartverket til kartlegging av tilgjengelegheit av friluftsområder (sommaren 2022). Prosjektet har vore organisert som eit samarbeid mellom kommunen og HTTL. Ein student har hatt som sommarjobb å gjennomføre den fysiske kartlegginga. I prosessen med å velje ut kva områder ein skulle kartlegge, har Frivillighetssentralen vore direkte involvert. I vedlegg «Rapport tilgjengelege friluftsområder i Hemsedal» finn du ein presentasjon av dei utvalde områda det kan vere særleg aktuelle å tilgjengeleggjere for *alle*.


Dette er:

- Klockarsteinen
- Sentrumsområdet under Hovtun m/badeplass og Bruøyne
- Rjukande Fossen
- Tottenskogen rundløype
- Gang- og sykkelveg mellom Tuv og Hemsedal skisenter
- Heimsilstigen (byrjinga av stien)

Kartlegginga gjev kommunen ei betre oversikt over kva som må til for å utbetre tilgjengelegheita til friluftsområder i Hemsedal. Det er også ei vurdering av no-status som viser at ein per dags dato ikkje har mykje grønne områder i Hemsedal som er tilgjengelege for *alle*.

Turområde i sentrum som er universelt utforma (blå-grøn struktur)

Steg 1 for å betre tilgjengelegheita for *alle* vil vere å tilrettelegge turstiar i høgare grad i området nær Trøim sentrum. Skissa under bygger på innspel frå medverkinga, og fokusera på å utvikle eit blå-grønt turområde med høg grad av tilgjengelegheit for *alle*.



Figur 10 Skisse som viser innspel og potensiale for turområde med høg grad av tilgjengelegheit i Trøim sentrum


Nye statleg sikra områder?

Statleg sikra friluftsområde er område som det offentlege har skaffa seg rådgjeitt over ved kjøp eller avtale om bruksrett, og der dei er varig sikra for allmentas friluftslivsutøving. Dei statleg sikra områda i Hemsedal er Rjukandefossen friluftsliv og naturvernområde og Bruøyne friluftsområde. Det er foreslått i planprogrammet for FIFA-planen å vurdere om det er fleire områder som burde vert statleg sikra. Gjennom arbeidet med friluftslivets ferdselsårer, har det ikkje kome fram noko klart behov for nye områder per dags dato. I samband med at det er eit statleg sikra område på

Tuv og eit i Trøim sentrum, kan det vere eit behov for å også ha eit slikt område på Ulsåk. Klokkesteinen vil vere eit naturleg område å sjå nærare på her. Kommunen har tidlegare motteke 70 000 kr frå Fylkeskommunen for å legge til rette dette området. Hengebrua på Ulsåk er ein viktig nerve i sti-nettet både for innbyggjarar, barnehage og fritidsbusetnad. Brua er i dag privat eig. Kommunen ser det som positivt at brua, parkering (innfallsport) og tilkomst-sti blir ein del av eit statleg sikra område. Dette vil i so tilfelle innebære at kommunen tek på seg eit forvaltningsansvar.


Revidering forvaltningsplanar statleg sikra områder

Reguleringsplan for Trøim sentrum sikrar ferdsel i området Bru-øyne. Med ny bruk kan eit samanhengande sti-system etablerast i tråd med gjeldande plan. I prosjektet i regi av Kartverket, vart tilgjengelegheita av stiane ute på øya kartlagd. Dei innfrir ikkje kravet til universell utforming. I planane for friluftsområdet ligg det inne ein gangveg frå øya sørover mot Torset (sjå rød pil bildet under). Om det blir opparbeida ein turveg med høg grad av tilrettelegging her, vil det skape tilkomst til øya frå begge sider, noko som vil skape ein attraktiv tur for folk med nedsett funksjonsevne, barnevogn, rullestol, dei som er dårlege til beins osv. I tillegg blir det ein fin alternativ grønnkorridor for innbyggjarar og besøkande. Tiltaket er lagt inn i søknad til Statens vegvesen om tilskot trygg skuleveg og nærområde – 2023, og i Spelemiddelsøknad for 2023.



Figur 11 Bru-øyne Statleg sikra friluftsområde i Hemsedal

Kommunen kan årleg søke økonomisk støtte til tiltak for statleg sikra friluftsområde, for å sikre tiltak for allmennheta sitt friluftsliv. I samheng med arbeidet med friluftslivets ferdselsårer, har det blitt trekt fram at det er eit behov for offentleg handikapp toalett i Hemsedal. Ut i frå veiledera og nasjonale retningslinjer, bør det også vere eit mål for Hemsedal at menneske i rullestol kan bade utandørs i Hemsedal. For å bidra til å sikre alle tilgang til badestrand og til Bru-øyna, kan ein i perioden FIFA-planen gjeld for vurdere å utvide det statleg sikra friluftsområde til å også gjelde badestrand og tilkomstveg frå sør. Denne vurderinga avheng blant anna av ny reguleringsplan for sentrum, og utfallet av Smart-fjellbygd prosjektet der det også er foreslått badeplass ved Bruøyne camping og på Øya.




Masterplan Sykkel Hemsedal - HTTL/HAAS

Kommunestyret vedtok i mars 2019 og støtte opp om «masterplan for terrengsykkel 2019-2022», med «fase 1» i Masterplanen som grunnlag for søknaden. Det kjem fram i saksframlegget at «fase 1» er i tråd med kommuneplanens samfunnsdel på fleire punkt i forhold til å sikre heilårs arbeidsplassar, folkehelse, tilrettelegging og bruk av sentrumsnær infrastruktur m.m. Søknaden er og i tråd med strategisk plan for næringsutvikling, og tematisk plan for idrett og fysisk aktivitet.


Både ut i frå nasjonale retningslinjer og regionale og kommunale planar, er det ønskeleg å sikre ein blå-grøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiar og legg til rette for aktivitet og naturopplevingar for alle (Nasjonale forventningar). I SWOT-analysen i kommuneplanens samfunnsdel er sykkelvegnett og elva som ressurs for sentrumsutvikling lagt inn som ei «moglegheit» for Hemsedal.

Sykkelutviklinga i Hemsedal drivast av Hemsedal Turisttrafikklag og Hemsedal Aktivitetsanlegg AS. Område 1 er der masterplanen for sykkel legg opp til å utvikle sykkelstiar.



Figur 12 Område 2 langs elva (område 1 er området der skisenteret ligg) i Masterplan for sykkel (rødt markerer område)

Her ligg i dag stiane High Line, Broadway, Silverstone og Tottelia Bike Park, og frå sommar 2023 også ein terrengsykkelsti langs med Sentrumsløypa («Sentrumsstien»). Nokre av sykkelstiane vil ha trasé ned til dalbotn gjennom område 3 og 4.



Område 2 langs dalbotn er tenkt utvikla som ei «familie-sone». Målet er å utvikle berekraftige fleirbruksstiar i dalen, med tilknytning til sentrumsområda og servicenæringane. Ein fleirbrukssti er såleis ikkje ein sykkelsti, men ein sti som held god nok kvalitet for å tåle ferdsel frå både gåande og syklande. Ein slik fleirbrukssti har ei bredde på opp til 2 meter, og eit flatt dekke. Ein slik sti vil vere med på å tilgjengeleggjere grøne turområde for ei større gruppe av befolkinga/besøkande.

Opparbeiding av sykkelsti

Arbeidet med stiutviklinga er profesjonalisert, og ein ynskjer å legge vekt på høg kvalitet i utviklinga av stiane. Ein viktig konsekvens av det å bygge høg-kvalitetsstiar, er at dei krev mindre vedlikehald på sikt. Strategien for stiutviklinga for sykkel er å satse på stiar sentrumsnært (område 1 og 2 i masterplanen), bygd etter berekraftige prinsipp. I tillegg ønskjer ein å kople stiane opp imot spisestadar, toalettfasilitetar og andre fasilitetar som ladestasjonar for el-sykkel og sykkelvask-service.

Sykling og el-sykling

Strategien til Turistkontoret er å kanalisere ferdselen på syklinga til sentrumsnære område. Dei satsar på stisykling i skisenterområdet, og i første omgang ein grøn fleirbrukssti som fungera som ein grønnkorridor og ei grøn transport åre gjennom dalen. I brosjyrrar er det desse områda som vil bli kommunisert ut til publikum. I tillegg har Turistkontoret med anbefalingar på grusbaserte sykkelruter i sine brosjyrrar. Dette er dei same sykkelrutene som du finn i sti- og løypeplanen.

Sykelruter: Grusveg baserte ruter

Skilta/merka	Ikkje skilta/merka	Ut av sti- og løypeplanen
Dalløypa	Bulin	Hemsedal-Gol-Hemsedal
Golfalpin-Huso	Fanitullvegen	Hemsedal-Ulsåk
Grøndalsløypa	Ulsåkstølen	Heståne-Helsinglia
Heimsila	Hydalen	Karisetrunnen
Tubba-Kljåen		Trøim-Ulsåk-Vannin
Storevatn rundt		Helsingvatnet rundt (endrast til Ulsåkstølen)
Huso-Blomeslettane		Vannin rundt (erstatta med Huso-Blomeslettane)
Gamle Kongevegen		
Tuv-Venåsen		

I gjennomgangen av sykkelruter har ein valt å ta vekk skilting på «vegar» som seier seg sjølv, og berre ha skilting og merking på ruter der det er behov for det. Ruter som ikkje er skilta/merka vil fortsette å vere med i «rutebeskrivingar» som blir produsert av Turistkontoret. Reine tilkomstvegar til turruter, som for eksempel Hemsedal-Ulsåk, blir vurdert til å ikkje vere sykkelruter og er tekne ut av sti- og løypeplanen. Av andre ruter som er tekne bort er det fordi kvaliteten på vegen er for dårleg til å kategoriserast som «grusveg-baserte ruter». Det er HTTL som står ansvarleg for sykkelløypene. Det er per dags dato ikkje nokon som har vedlikehald på desse sykkelrutene.

Proaktiv besøksstrategi sykling

Å kontrollere all ferdsel i utmark er vanskeleg. Ved å anbefale sentrale og tilrettelagde stiar, er målet å skjerme andre områder (i tråd med hensikta med besøksforvaltning og kanalisering av ferdsel). Det

kan vere sårbar natur, å beskytte områder som ikkje er tilrettelagt for det mot slitasje, eller for å unngå konflikt med beitenæring. Det finst i dag fleire ulike publikumsbaserte nettstadar, der syklistar sjølve kan legge inn og anbefale ruter. Det eksistera fleire uoffisielle og populære sykkelstiar i Hemsedal. Desse blir det ikkje reklamert for kommersielt. Det er viktig at dei som driv el-sykkelutleige i Hemsedal følg Turistkontoret sine prinsipp om kva ruter ein ønskjer å anbefale.

Grunneigarar kan forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom. Kommunen har moglegheita til å innføre forbod mot el-sykling i utvalde område, men ei slik avgrensing er noko ein helst vil unngå.

Langrennsløyper i dei sentrumsnære områda i Hemsedal


Mål 1 i FIFA-planen inkluderer ei vidareutvikling av løypenettet for langrennsski for å binde bustadområde, skular, institusjonar, friområde og nærmiljøanlegg saman, og vere tilgjengeleg innanfor 300 meter frå der folk bur.

Kommunen tilrår og vil prioritere ei utvikling av langrennsnettet som fremjar:

- Dalløyper – eit samanhengande nett slik at alle grender har eit løypetilbod (folkehelse)
- Dalløyper som koplar på alle bustadfelt (i tråd med mål 1 i FIFA-planen). Nærområde som prioriterast er eit samanhengande nett frå Gravset-Svøo-Ulsåk-Fiskum-Tuv-Venås-Solheisen.
- Prioritering av Solløypa må vurderast opp imot framtidig utbygging/revidering av arealdelen
- Gravset som sentralt langrennsanlegg
- Gravset: Utvikling av skøyteløyper og grunnforhold tidlegløyper (føl 5 års strategien til HUS)
 - 2023-24: til og med 8-kilometeren
 - 2025-26: 20 km løypa frå Gravset
- Tidlegløyper/ skøyteløyper: Mellom sentrum-Venås; inkludert Totteskogen rulleskiarena
- Utvikling av høgfjellsløyper er ikkje prioritert i denne omgang, med bakgrunn i formålet med FIFA-planen. Det er behov for ei kartlegging av villrein i samband med rullering av arealdelen, der ein også vurderer tilrettelegging for langrenn i høgfjellet
- Det skal tilretteleggast for planfrie kryssingar i framtidig utbygging



Konseptskisse Grøn mobilitet i dei sentrumsnære områda



Figur 13 Konseptskisse grøn mobilitet Hemsedal

Analysen mellom dagens situasjon (framstilt i manuskart i GIS) og mål 1 for FIFA-planen har resultert i ei grøn mobilitetsskisse for nærområda til dei tre sentruma Tuv, Trøim og Ulsåk (inkludert Svø). Strategien for skissa er å utvikle eit samanhengande nett med utgangspunkt i dei tre sentrumsområda.

Innfallsportar:

Parkeringsplassar/innfallsportar er merka inn i Konseptskissa. Parkeringsplassane ligg strategisk til i forhold til klasse 2 og klasse 3. I vidare arbeid blir det viktig å sjå nærturane i samheng med klasse 1 og 2, og med parkering/innfallsportar. Kommunen har fått løyvd pengar til å gjennomfører ei parkeringsanalyse. Konseptskissa legg grunnlag for arbeidet med parkeringsanalysen.

Klasse 1: Gang- og sykkelveg:

Klasse 1 er gang- og sykkelvegane i Hemsedal. Hemsedal har eit godt utbygd nett, særleg når ein tek med dei nye gang- og sykkelvegane som er under regulering/bygging (Trøim-Hemsedal Skisenter, Tuv-Venås bru og Torset bru-til nytt bustadområde BU6). Desse gang- og sykkelvegane fungera som raske transportårer for mjuk trafikk. Dei fleste ligg plassert rett ved sidan av riksveg, fylkesveg eller kommunal veg med biltrafikk. Sjølv om det er gode transportårer for mjuk trafikk, byr gang- og sykkelvegane på lite rekreasjon. Frisklivssentralen (blant anna) opplev at det er lite «grøne» turar tilgjengeleg for eldre og dei som er dårlege til beins. Dette kjem også fram av rapporten frå kartlegginga av tilgjengelegheit friluftsområda, som har vert gjennomført i sommar.

Klasse 2: Samanhengande fleirbrukssti:

Den geografiske avgrensinga for konseptskissa er i stor grad foreinleg med område 2 (sjå figur side 32) for sykkelsatsinga i Hemsedal. Planleggingsfasen for utviklinga (og realisering) av sone 2 vil kunne skje parallelt med tidslinja til Kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2022-26. Periode i tid, målgruppe, hensikt og geografisk område er lik for begge prosjekta (Masterplan sykkel og Friluftslivets Ferdselsårer).

På grunn av dette legg denne kommunedelplanen opp til å kombinere utviklinga av elvelangs og ein fleirbrukssti gjennom dalen. På den måten kan ein utnytte ressursane betre, og jobbe mot felles mål. Kvar stien skal gå, kjem til å bli nøye planlagt i nært samarbeid med grunneigarane. Ein bør

trekke inn fagfolk innan sti bygger-miljøet, i samarbeid med kommunen og HUS. Ein slik grøn-korridor vil tilgjengeleggjere grønne områder for ei mykje breiare gruppe i befolkninga. Leiar for sykkelutviklinga nemner at dei for eksempel ønskjer å sjå på moglegheita for å tilgjengeleggjere Torsetåsen betre, noko som både HBU, ulike lag og organisasjonar og innbyggjarar har gitt uttrykk for at dei ønskjer gjennom medverkinga. Med bakgrunn i nasjonale og kommunale planar og forventingar, vil det vere ønskeleg at fleirbruksstien i størst mogeleg grad leggst så nær elva som mogeleg (blå-grøn infrastruktur).

Ei familievenleg transportåre gjennom dalbotn vil klassifiserast som «fleirbrukssti». Fleirbruksstien har to standard-typar:

1. **Opparbeida fleirbrukssti** vil vere sentrumsnære turvegar, og turvegar i tilknytning til bustadfelt med høg grad av tilgjengelegheit. Turveg med flatt underlag med tilrettelagt underlag (grus) for å tole meir trafikk og fleire brukargrupper (barnevogn og aMTB/terrenggåande rullestolar), og potensielt måka/tråkka vinterstid (labbeløyper/trugeløyper).



2. **Tradisjonell fleirbrukssti** er ein sti som er meir naturleg, bygd i stadsegna masse, og lagt riktig i terrenget med tanke på drenering og vedlikehald. Den kan brukast både av turgåarar som vil gå på meir naturleg sti, men samtidig av syklistar som ønsker litt meir leiken sti enn ein turveg.





Opparbeida fleirbrukssti:

Det er viktig at ein fleirbrukssti beheld det grønne preget, og at minst mogeleg av vegetasjonen blir fjerna. Stien må ikkje vere for brei, men utforma slik at ein potensielt kan måke vinterstid. Bilete er teke med som eit visuelt eksempel på kva ein i planen ser for seg når ein brukar nemninga «opparbeida-fleirbrukssti». Stien bør vere grøfta og ha eit relativt fast og flatt dekke. Det er samtidig viktig å bevare mest mogeleg av dei eksisterande stiane langs elva slik dei er i dag, slik at ein også har denne typen stiar i nærområda.

Klasse 3 Nærturar og Klasse 4 Ikkje-sentrumsnære turar

Kommunen har fått inn mange forslag til nærturar, som byr på moglegheiter for å utvikle eksisterande stiar i sti- og løypeplanen til å bli rundturar, -som igjen kan koplant saman i eit heilskapleg løypenett mot andre nærturar og parkeringsplassar (innfallsportar). I FIFA planen blir stiane delt opp i sentrumsnære turar og turar i utmark (Konseptskissa er ein illustrasjon på eit overordna nivå. -Kva som er ein sentrumsnær tur er ei subjektiv vurdering, som ikkje føl dei geografiske yttergrensene på konseptskissa til punkt og prikke).

Klasse 3: Nærturar

Karisetberget (TOPP 20)
Venåshøvda (TOPP 20)
Lio(vest)-Øvre Halso
Lio(øst)-Holdeskaret/Røggjin
Hollekølten (TOPP 20)
Synarsvaet turstigar (Hulbak)
Den gamle Kongevegen (Folk i form)
Steget (TOPP 20)
Trøim-Trøimsbøttan og Trøim-Fekjastøltn
Heimsilstigen
Fiskumstigen
Solaust (Trøim sør-Totten)
Geiteberget (TOPP 20)
Klokkarsteinen
Rjukande fossen - Statleg sikra friluftsområde
Bruøyna - Statleg sikra friluftsområde

Klasse 4: Ikkje-sentrumsnære turar

Fjellstøltn-Hølstein-Hulbak ved Hulbakkleiva
Buaknuppen (TOPP 20)
Svarthetta (TOPP 20)
Harahødn (TOPP 20)
Kvitingatn (TOPP 20)
Ranastøngji (TOPP 20)
Bjøbergnøse (TOPP 20)
Raudberg (start v/Storeskar) (TOPP 20)
Bjøberg-Kljåen (via Bulii)
Bjøberg-Bjordalsbu
Bjøberg-Ljungdalshytta
Den gamle kongevegen
Røggjin (TOPP 20)
Hølleskaret-Buaklanten
Totten (TOPP 20)
Dyrja (Omfarhagen-Feten) – Totten
Kyrkjebønnøse (TOPP 20)
Storehødn (TOPP 20)
Veslehødn (TOPP 20)
Gravsetåsen rundt
Skogshødn (TOPP 20)
Storhøvda (TOPP 20)
Trefta-Hydnestrønde/ Notødden
Blomeslettatn-Vihøvd

Sykelstiar: Sykelstiar er konsentrert i området ved skisenteret

High Line, Broadway, Silverstone, «Sentrumsstien» og Tottelia Bike Park.

«Sykelstiar» skal ligge i skisenter området. Standarden for å klassifiserast som «sykelsti» eller «fleirbrukssti» følger «[Opplysningskontoret for Terrengsykling sin stimeny](#)» (link til pdf).

STIMENY						
Kategori	Beskrivelse	Brukere	Overflate material	Helling og breidde	Techniske elementer	Inngrep / Kjøreretning
 Tradisjonell fleirbrukssti	Blitt til som følge av vedvarende ferdsl. Varierende underlag med forekomst av bløte partier. Høy forekomst av stein og senter. Kan være for bratt og teknisk krevende for syklist.		Stedlige masser	Helling: 0-20 % (eller mer) Breidde: 0,3-1 m	Naturlige forekomster av røtter og stein	Ingen ↕
 Tradisjonell fleirbrukssti (med vedlikeholdstiltak)	Som tradisjonell fleirbrukssti, men med innslag av tre- og steinselementer. Korte seksjoner kan være omgitt og opparbeidet for å unngå problemområder.		Stedlige masser	Helling: 0-20 % (eller mer) Breidde: 0,3-1 m	Klopping / Bruer / Steinsetting	↕
 Opparbeidet fleirbrukssti	Sti med fast overflate, bygget etter bærekraftige retningslinjer. Ingen spesifikke tekniske elementer for syklist. Steintrapper og barer kan begrense fremkommelighet på sykkel.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: 0-15 % Breidde: 0,3-2 m	Klopping / Bruer / Steinsetting	↕
 Opparbeidet sykkelsti	Sti med fast overflate, bygget etter bærekraftige retningslinjer, med tekniske elementer for syklist. Ofte utført som en runde.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: 0-15 % Breidde: 0,3-2 m	Oppbygde eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinselementer	↕ / ↕
 Flytsti	Opparbeidet nedoverløype med fast overflate, bygget med lav hellingegrad, belgende profil og doserte svinger. Bred løype med få tekniske elementer. Fokus på flyt uten tråkking.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: 0-10 % Breidde: 1-1,5 m	Doserte svinger / Hopp / Tre- og steinselementer	↕
 Downhill-løype	Opparbeidet nedoverløype med varierende overflate. Kan være bratt og teknisk krevende, og ha høy forekomst av tekniske elementer med økt risiko.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: 5-20 % (eller mer) Breidde: 0,3-3 m	Doserte svinger / Hopp / Tre- og steinselementer	↕
 Ferdighetsløype	Opparbeidet sti med fast overflate og høy forekomst av tekniske elementer (tre og stein). Kompakt ovaliserte arena for basisferdigheter som siden kan overføres til stier i terreng.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: 0-10 % Breidde: 0,3-3 m	Oppbygde eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinselementer	↕
 Hoppstier	Opparbeidet arena med fast overflate. Utformes i ulike vanskelighetsgrader - fra kuler, til plattløype og gapløype.		Stedlige masser Tilført grus	Helling: Breidde: 1-3 m	Oppbygde eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinselementer	↕
 Pumptrack	Opparbeidet og kompakt arena med jevn overflate. Belgende i flatt terreng. Utformet med kuler og doserte svinger så syklisten kan pumpe fart i sykkel.		Jord, grus, asfalt, betong, kompositt	Helling: flatt terreng Breidde: -	Doserte svinger / Kuler	↕ / ↕

Figur 14 «Opplysningskontoret for Terrengsykling sin stimeny

Langrennsløyper i konseptskissa

I arbeidet med å lokalisere kvar fleirbruksstiane i konseptskissa skal ligge, må ein involvere HUS og grunneigarar, for å sjå på potensialet for sambruk av trasé i forhold til langrennsløyper i nærområda. Når ein har fått definert kor fleirbruksstiane skal leggest, kan ein jobbe vidare med å kople saman nærturar og langrennsløyper mot nærområda der folk bur (mål 1). I den forbindelse er det planlagt å gjennomføre digital medverking med tema langrennsløyper, som eit tiltak i handlingsplanen for FIFA.

9.1 STRATEGISKE TILTAK FOR Å NÅ MÅL 1

Statleg sikra friluftsområder

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Vurdere å revidere forvaltningsplan Bru-Øyna	August kvart år	X	X	X	Miljøvernrådsgjevar
Vurdere å søke Klokkarsteinen som statleg sikra friluftsområde	August kvart år	X	X	X	Miljøvernrådsgjevar

Turveg med høg grad av tilrettelegging

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
FASE 1: Turveg med høg grad av tilrettelegging i sentrum	Kunnskap frå FIFA planen må takast omsyn til inn i SMART fjellbygd prosjektet				Smart Fjellbygd (Næringssjef og Plan og utvikling)

Rapporten frå Smart-fjellbygd prosjektet har foreslått 5 mindre tiltak for å setje i gong sentrumsutviklinga. Utvikling av Bru-øyne og tursti langs Trøimsåne er to av dei:

Midertidig tiltak

Bruøyne

Mål
Bruke begge sider av elva

Bakgrunn
Bruøyne er allerede et nærtursmål, men ikke tilgjengelig for alle i dag. En ny gangbro til nordsiden er på vei opp hvert år, som vil gjøre det lettere å komme til og få flere til å bli kjent med elva og øyene. For å forsterke området som nærtursmål kan man etablere flere oppholdssteder med utemøbler. For å gjøre det tilgjengelig for flere brukere kan man oppbeide ramper og gangveier mellom disse.

Stikkord
Tilgjengelighet
Nærtursmål

Viktige aktører
Kommunen
Frivillige

Barrierer
Koordinering
Midler

Behov og ønsker
Bedre utnyttelse av sentrumsnæra naturen
Bygge stier som er brede nok til rullestol
Flere lavterskelaktiviteter etter arbeidstid

Mulige tiltak
I dag
Ny bro er snart på plass
Stopplasser og benker
Bygge enkle ramper / plattinger
Belysning
Tilgjengeliggjøre for barnevegg og rullestol

Kart over område

Rampe / plattings

Tilgjengelig for rullende

Belysning

Midertidig tiltak

Trøimsåne

Mål
Tilgjengeliggjøre sentrumsnære naturopplevelser

Bakgrunn
Trøimsåne er et vakkert elvedrag som renner ut i sentrum. I dag er området rundt elven lite tilrettelagt for opphold. Her ligger det et stort potensiale for å skape en sentrumsnær naturopplevelse med enkle midler. I første omgang kan man rydde området rundt og lage et enkelt skilteprogram. Etter hvert kan man etablere sitteplasser, badebassener og utklippspunkter.

Stikkord
Sentrumsnatur
Lavterskel

Viktige aktører
Frivillige
Privat eierdom

Barrierer
Husiere

Behov og ønsker
Tilrettelegging og vedlikehold av stier og løyper
Flere lavterskelaktiviteter etter arbeidstid
Lagge tilrette for sentrumsnære naturopplevelser

Mulige tiltak
I dag
Skille fra Heimsil og oppover
Rydde sten langs elva
Sette opp sitteplasser
Etablere badebassener
Etablere utklippspunkt

Kart over område

Rydde sten

Badebassener

Benker

FASE 2: Bygging turveg med høg grad av tilrettelegging i sentrum	Sommar 2023: Frå Bruøyne – Torsetvegen (ein må berekne at arbeidet fortset sommar 2024)	Frå ny p-plass ved kyrkja via Heimsil-stigen og bort til skogholtet			Hemsedal Kommune
FASE 3: Vidare utbygging turvegar med høg grad av tilrettelegging	Frå medverkninga både hos Smart Fjellbygd og FIFA-planen kom det fram	X	X	X	Utbyggjarar/ Hemsedal kommune

innanfor konseptskissa. Bruke kartlegging Kartverket som grunnlag for aktuelle stiar.	at det er viktig med <u>breie nok stiar</u> . For dei som av ulike årsaker har nedsett funksjons-evne (for eksempel eldre) er det viktig å huske på å bygge breie nok stiar.				
---	--	--	--	--	--



Eksempel breidde på Heimsilstigen sommar 2022:

Konseptskisse for grøn mobilitet

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Konseptskissa for Grøn mobilitet ligg til grunn for revisjon av kommuneplanens arealdel.	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune
Konseptskisse fase 1 og 2: «Grøn fleirbrukssti»					
FASE 1: Utarbeiding prosjektplan «grøn fleirbrukssti».	Samarbeid mellom masterplan sykkel, HUS, grunneigarar, profesjonelle stibyggarar og studentprosjekt AHO.				Idrettslaget/ Masterplan Sykkel/ Kommunen/
FASE 2: Gjennomføringsdel. Bygging «grøn fleirbrukssti»		X	X		Hemsedal kommune-HAAS
Konseptskisse fase 3: Kommune 3.0 / Nærturar / Nærområder					
FASE 3: Organisering potensielle frivillige lag og organisasjonar som skal	Kommunen startar opp jobben med å sjå på moglegheiter ut i frå innkome innspel i medverkinga. Kontaktar				Plan og utvikling

stå ansvarlege for utvalde nærturar: Lage prosjektplan for nærturar ut i frå innspel i medverkinga	grunneigarar. Tiltak som gjer at ein når mål 1 med tilhøyrande fokusområde.				
Kommune 3.0: 150 000 kr (sum må arbeidast inn i budsjett årleg). <u>Tilskot gjeld tiltak i heile kommunen.</u>	Lag/org/ulike vel tek kontakt. Saker blir kontinuerleg behandla ift tilskotsordning	X	X	X	Hemsedal kommune
Halvårlege møter med «Kontaktutval for stiar og løyper» (aug/feb). Formål: Mobilisere lokalsamfunnet i utviklinga av nærområda (gjeld også nærområde utanfor konseptskissa).	Forslag medlemmar: Dagleg leiar HUS og Hemsedal Idrettslag, ulike velforeningar, Frivilligsentralen, Turlag, leiar Ungdomsklubben, Historielaget, Foreninga Solstadbrue.	X	X	X	Hemsedal kommune
Sjå på moglegheiter for sambruk og felles utvikling av sti og langrennsløyper innanfor konseptskissa	X	X	X		Kommunen, HUS, HTTL
Digital medverking langrennsløyper				X	Hemsedal kommune

Oppdatering sti- og løypeplan

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Oppdatere GPS-koordinatar sykkelstiar. Kontinuerleg oppgåve.	Legge inn koordinatane for dei nye sykkelstiane i GIS	X	X	X	GIS – Hemsedal kommune
Oppdatere GPS koordinatar sykkelruter. Kontinuerleg oppgåve.	Oppdatere koordinatane etter tabell under for sykkelrutene.	X	X	X	GIS – Hemsedal kommune
Oppdatere GIS koordinatar for stiar.	X	X	X	X	HUS – GIS kommune
Oppdatere GIS for langrennsløyper.	X	X	X	X	HUS – GIS kommune
Årleg status-rapportering	X	X	X	X	HUS

Årleg undersøkelse skuleveg

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Reisevaneundersøkelse skulevei Viken 2022	X	X	X	X	Viken FK: Mobilitetsnettverket. Trafikktryggleiks-Ansvarleg Hemsedal kommune

10 ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 2

MÅL 2: SAMAN FOR EI AKTIV BYGD

Fokusområde

1. Fokus på brei medverking i prosessen (inkludere «taus» kunnskap)
2. Fellesgode og fellesområde for alle
3. Sette av tilstrekkeleg med areal for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, basert på dokumenterte behov. Heilskapstenking i takt med befolkningsutviklinga og reiselivsutviklinga.
4. Å forankre arbeidet med Berekraftig reisemål i kommunedelplanen
5. Aktivt søke løysingar som fordrar sambruk, og betre utnytting av ressursar



Innflytelsessirkelen og grad av innflytelse nivå 4: Samarbeid og rådsordningar

Gjennom medverkinga for FIFA-planen har ein jobba med innhaldet i sti- og løypeplanen opp imot mål 1, 2 og 3 med alle dei ulike gruppene på nivå 4 (HUS, HTTL, grunneigarar, Kontaktutvalet for Landbruk, Idrettslaget, kommunen si administrative arbeidsgruppe). Gjennom medverkinga har ein prøvd å samle kunnskap og utforske potensielle løysingar for å nå måla i fellesskap (sjå vedlegg Prosjektplan for meir informasjon om innflytelsessirkelen og dei ulike nivåa).

Hemsedal Turisttrafikklag (HTTL)

Hemsedal Turisttrafikklag SA er destinasjonsselskapet (Destinasjon Hemsedal) og turistkontoret i Hemsedal, som blant anna eig og driv www.hemsedal.com, den offisielle destinasjonssida.

Topp 20

HTTL ønskjer å behalde Topp 20 slik det er organisert i dag. Ved slitasje er det hensiktsmessig å utbetre kvaliteten på eksisterande Topp 20 stiar, enn å legge om og opparbeide ruter til nye toppar (krev nye skilt, ny parkering). Første prioritet for oppgradering av Topp 20 stiar:

- Veslehødn/Storehødn (dreneringstiltak større prosjekt som til eksempel steintrapp)
- Geiteberget (dreneringstiltak)
- Karisetberget (dreneringsarbeid er påbyrja)

Kommunen stiller seg bak strategien om å ha faste toppar for «Topp 20», og ikkje ei ordning der ein roterer på turmål. Ved utfordringar knytt til ferdsel, må ein vurdere kvar enkelt topp og kva tiltak ein kan iverksette for å utbetre situasjonen. I ei slik vurdering kan ein hente inn ekstern ekspertise frå Statens Naturoppsyn Geilo ved behov.

Berekraftig reisemål

At Hemsedal er sertifisert som berekraftig reiselivsdestinasjon betyr at Destinasjon Hemsedal (saman med kommunen og næringa) forpliktar seg til å gjennomføre ein del tiltak framover. Kommunestyret har vedteke å slutte seg til Handlingsplanen som lagast i prosjektperioden for Berekraftig reisemål. Eksempel på tiltak frå handlingsplanen:

- Hemsedal må lage besøksstrategi og sårbarheits analyser av verna område. Dette bør også gjerast for område med stort besøk, for å vurdere eventuelt sårbare område.
- Det må definerast kva naturområde som kan vere ein ressurs for reiselivet, og om det er naturområde som er spesielt sårbare og kun bør ha avgrensa tilgjengelegheit.
- Berekraftig reisemålsutvikling er eit samfunnsansvar, noko som betyr at Hemsedal må jobbe meir med opplæring og haldningar i forhold til natur og miljø, blant tilsette og besøkande gjestar.
- Det må gjerast fleire tiltak for å sikre at gjestar i naturen får betre haldning til korleis ein oppfører seg når ein er på tur; på ski/vandring/sykkel, for å gje minst mogleg fotavtrykk, og også for haldningsreglar når det gjeld parkering, beitande dyr, hausting av bær, bandtvang, fiske, lukking av grunder, m.m.
- Det må tilretteleggast for meir universell utforming, for fleire typar brukargrupper, og synleggjering av kva som er tilrettelagt.

Mange av desse tiltaka forankrast under mål 3 for FIFA-planen «Proaktiv besøksstrategi». I forhold til siste punktet om universell utforming har kommunen i prosjektet med kartlegging av tilgjengelege friluftsområder samarbeida med HTTL på gjennomføring av prosjektet (i regi av Kartverket). Data frå kartlegginga blir brukt til å kommunisere tilgjengelegheita på ulike turruter via digitale plattformer som www.ut.no og www.outdooractive.com. Outdooractive.com og trailguide.net er nettsider reiselivet i Hallingdal bruker som felles plattform for turruter. Frå reiselivet si side er det viktig å ha eit godt tilbod til *alle* som besøker Hemsedal som destinasjon, også dei med nedsett funksjonsevne. Hemsedal blei godkjent som [berekraftig reisemål](#) desember 2022.

Hemsedal Utmarksservice (HUS)

Utmarkssoppsyn starta opp i 1986, og vart endra til Hemsedal Utmarksservice (HUS) i 1997. HUS er ein ideell organisasjon, med formål å utvikle og drifte skiløyper i heile Hemsedal kommune, i tillegg til ansvar for ein del av vedlikehaldet av turstiane i Hemsedal. Dei har vidare ansvar for utmarkssoppsyn etter miljøregelverket. Hemsedal kommune gjev 30 000 kr til utmarkssoppsyn i beitesesongen frå kommunen si landbrukstilskotsordning. Hemsedal Utmarksservice skal ikkje drivast kommersielt, og eventuelt utbytte skal gå tilbake til drift. Foreininga leiast av eit styre på 7 medlemmar: Hemsedal kommune, Hemsedal Turisttrafikklag (HTTL), Hemsedal Bondelag, Skistar Norge AS, Hemsedal elveigarlag, Hemsedal IL; Langrennsgruppa og Hemsedal Skogutval.

- Grunneigarar stiller gratis til disposisjon grunn for stig og skiløyper
- Hemsedal kommune og HTTL yt driftsstøtte med høvesvis lik del (sommar- og vintertilskot)
- Skistar AS bidreg med tråkkemaskiner, drivstoff og vedlikehald på utstyr

- I tillegg mottek foreininga frivillige bidrag og inntekter frå parkeringsavgifter (all parkeringsinntekter går tilbake til drift og vedlikehald av langrennsnettet)

Hemsedal aktivitetsanlegg AS (HAAS)

Hemsedal Aktivitetsanlegg er eit selskap som er eigd av kommunen, HTTL og Hemsedal Idrettslag. Hemsedal Aktivitetsanlegg er eit såkalla «non-profit»-selskap, det betyr at selskapet ikkje har noko økonomisk formål. Alle inntekter skal brukast til utvikling og drift av aktivitetsanlegg. Hensikta med selskapet er å både legge til rette, eige, utvikle og drifte nye aktivitetsanlegg i bygda. Ein av dei største fordelane er at det vil bli enklare å søke om middel til anlegg. Selskapet kan søke både kommunal støtte, tippemidlar og tilskot frå stiftingar (Thon, Sparebankstiftelsen og liknande).

Kontaktutval for landbruk

Kontaktutval for landbruk består av Hemsedal Bondelag, Hemsedal Utmarksservice, Hemsedal og Gol bonde og småbrukarlag, Hemsedal sankelag, Hemsedal sau og geit, Hemsedal skogeigarlag og Produsentlaget.

Organisering sti- og løypeplan – eit samarbeid mellom ulike aktørar

Etablering av nye stiar og løyper samt opprusting av dei eksisterande, skal skje i nært og regulert samarbeid med grunneigarane. Tilrettelegging som fører til fysiske inngrep krev alltid godkjenning frå grunneigar, sjølv om tiltaket vert gjort for å hindre slitasje. Det er også slik at tilrettelegging utover vanleg bruk som f.eks. opparbeiding av nye stiar og løyper, vesentleg utviding eller endring av eksisterande stiar og løyper eller vinterpreparering, krev avtale med grunneigar eller rettighet sikra på annan måte.

Kommunen har det overordna forvaltingsansvaret for sti- og løypenettet i høve til ulike lover som for eksempel *friluftsløva* og *plan- og bygningslova*, og samarbeider med andre aktørar om felles interesser innan etablering, tilrettelegging og vedlikehald av sti- og løypenettet. Det offentlege er pålagt forvaltningsansvaret og at det skal vere mogleg for alle å drive friluftsliv. Det er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunen å syte for drift av sti- og løypenettet. Samstundes, både historikk og planverket syner at dette er eit forventet ansvar kommunen bør ta. Gjennom konseptskissa tek kommunen i større grad på seg rolla som strategisk retningsgivar for utviklinga av ein samanhengande grøn infrastruktur i Hemsedal kommune.


Grønstrukturplan

I Statsforvaltaren i Oslo og Viken sine kommentarar til planprogrammet for FIFA-planen, understrekar dei viktigheita av sikring og utvikling av grønstruktur og viser til stortingsmelding om friluftsliv, der alle kommunar vert oppmoda til å utarbeide grønstrukturplanar for byar og tettstadar. I den kommunale planstrategien er det vist til behovet for ny reguleringsplan for Trøim bygdesentrum, der mellom anna miljøverdiar og ein tydeleg og framtidsretta strategi for uterom løftast fram som viktig. Grønstruktur vert med dette eit naturleg tema i reguleringsplanen for sentrum.

Plan for grønstruktur i sentrum – rekkefølge føresegner for sentrum

Det finst allereie ein temaplan (sjå figur under) som er knytt til rekkefølge føresegner for sentrum (reguleringsplan for Trøim sentrum vest): «Før det gis igangsettings tillating til nybygg, tilbygg, påbygg eller bruksendring innan områda FKT1-7, BFK1-3, K1-K2 og H1 skal delar av rundløype av

turvegar langs Hemsil ved Trøim sentrum, turveg ved Trøimsåne og park og parkeringsplass på Øya vere opparbeida eller sikra opparbeida». På grunn av veg- og flom problematikk har utbygging i området blitt sett på vent.



Figur 15 Temaplan knytt til rekkefølge føresegner for reguleringsplan for Trøim sentrum vest

Revidering av temaplan for sentrum i kombinasjon med konseptskisse for grøn mobilitet og skissa for turområde i sentrum med høg grad av tilrettelegging

Ut ifrå arbeidet med friluftslivets ferdselsårer er forslaget at temaplanen for reguleringsplan for Trøim sentrum, skal reviderast som del av arbeidet med ein ny sentrumsplan (Smart Fjellbygd). Då kan ein linke temaplanen opp imot konseptskissa for grøn mobilitet og skissa for turområde i sentrum med høg grad av tilrettelegging. Det vil føre til ei utviding av arealet eksisterande temaplan gjeld for. Inn i dette arbeidet vil kartlegginga av tilgjengelegheita av friluftsområde, vere ei god kjelde på tiltak og områder som må utbetrast for å auke tilgjengelegheita for alle.

Finansiering av nødvendige tiltak i sti- og løypenettet

Det følgjer av føresegna til kommuneplanens arealdel kapittel 1.5 Rekkefølgekrav, at kommunen skal delast inn i tiltakssoner. I kvar sone vert det definert tiltak på sti og løypenettet som skal vere gjennomført, eller sikra gjennomført, før det vert gjeve løyve til oppføring av ny eining, eller løyve til søknadspliktige tiltak, innanfor nærmare avgrensa sone fastsett i FIFA- plan. Krav gjeld for areal i sona som er sett av som Byggeområde, med underformåla fritids- og turistformål, og fritidsbygg, samt LNF-område for spreidd utbygging av fritidsbygg.

Rekkefølgekrav og utbyggingskontrakter

- For å sikre gjennomføring av grønn mobilitet i Hemsedal, skal kommunen ved behandling av plansaker søke å realisere mål 1, visualisert gjennom «Konseptskisse», i form av rekkefølgekrav.

Utbygger må bidra økonomisk til ivaretagelse eller utvikling av stiar og løyper i nærområdet. Sum investering vert fordelt på tal kvadratmeter/tal einingar som reguleringsplanane innan aktuell sone opnar opp for. Det vert etablert eit infrastrukturfond i kommunen der innbetalingane frå utbyggjarar og grunneigarar vert avsett på bunde fond.

Gjennom eige avtalesett mellom Hemsedal kommune og HUS vert det garantert for gjennomføring i tråd med vedteke gjennomføringsplan.

Tiltakssoner og definering av tiltak på sti- og løypenettet

Tiltak innanfor «Konseptskisse grøn mobilitet Hemsedal» vert rekna som ei sone. Innanfor for denne sona gjeld også opparbeiding ved utbygging av underformål bustadfelt, i tillegg til areal i sona som er sett av som byggeområde med underformåla fritids- og turistformål, og fritidsbygg, samt LNF-område for spreidd utbygging av fritidsbygg. Tiltak utanfor «konseptskissa» inkludera ikkje byggeområde med underformål bustadfelt.

Hensikt: Ivareta og vidareutvikle sti- og løypenettet i framtidig planlegging og utbygging

Ved reguleringsarbeid skal HUS rettleie i arbeide med å bevare/utvikle sti- og løyper gjennom/i tilknytning til aktuelle utbyggingsområdet. Stiar- og løyper må kunne flyttast/leggast om frå slik dei i utgangspunktet ligg, men hensikta er at det heilskaplege løypenettet skal ivaretakast og vidareutviklast gjennom utbyggingsprosessen.

Utbygging Trøimshallen

Det er sett av 400 000 kr til eit forprosjekt for Trøimshallen. Mykje av innhaldet i planen som omhandlar idrett fell derfor under dette prosjektet.

Leikeplassar

Teknisk forskrift, *Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)* har planføresegner om krav til uteareal og byggverk. Forskrifta er bygd opp av 5 kapittel, der kapittel III *Grad av utnytting*, særleg er relevant for å ivareta gode opphaldsareal egna for barn og unge.

Det kan fastsettast planføresegner om lokalisering av bebyggelse, anlegg og arealbruksfunksjonar, styring av tomteutnytting og tal på einingar, bygningar og anleggsstørrelse og form og funksjonskrav. Det kan også stillast *areal- og funksjonskrav til leikeareal og andre uteopphaldsareal*, blant anna krav til samtidig *ferdigstilling av bustad og uteområde*.

Du kan lese Hemsedal kommune sine planføresegner for leikeplassar på s.7 i Kommuneplanen 2018-2030 Arealdel planforesegner. Det er planlagt å revidere arealdelen til kommunen. I dette arbeidet kan ein vurdere om ein skal oppdatere planforesegnene. Ein kan for eksempel setje strengare krav til medverking av barn og unge i utforminga av leikeplassane. Det kan også vurderast i revideringa om ein skal ha strengare krav til uteopphaldsareal: *Uteopphaldsareala* bør ha ei utforming som gjer arealet eigna til lek, opphald, sosialt samkvem og rekreasjon. Arealane bør kunne brukast av ulike aldersgrupper og gje moglegheit for samhandling mellom barn, unge, vaksne og eldre uavhengig av funksjonsevne. Det bør søkast å oppnå varierte uteareal med både private, halvprivate, felles og offentlege areal. Krav eller normer for uterom er også eit relevant tema for bustad politisk plan og revideringa av sentrumsplanen. Inn i dette arbeidet bør ein vurdere felles leikeplass i sentrum.¹⁰

10.1 STRATEGISKE TILTAK FOR Å NÅ MÅL 2

Revidering av temaplan for sentrum i kombinasjon med konseptskisse for grøn mobilitet og skissa for turområde i sentrum med høg grad av tilrettelegging

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Linke temaplanen for sentrum opp imot	X	X			Administrasjon

¹⁰ <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/rundskriv/t-2-08.pdf>

konsept-skissa for grønn mobilitet og skissa for turområde i sentrum med høg grad av tilrettelegging i revideringa av sentrumplanen.					Hemsedal kommune
--	--	--	--	--	------------------

Rekkefølgekrav og tiltakssoner

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Føresegnene i arealdelen må reviderast i tråd med avsnitt i FIFA planen om rekkefølgebestemmelsar	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune
Oversikt investeringstiltak på stiar og løyper; konseptskissa		X	X	X	Administrasjon Hemsedal kommune/ HAAS og HUS
Oversikt investerings-tiltak på stiar og løyper; områder utanfor konseptskissa		X	X	X	HUS

Utbygging Trøimshallen

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Utbygging Trøimshallen				X	Administrasjon Hemsedal kommune

Leikeplassar og krav til uterom

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Vurdere å oppdatere føresegnene for leikeplassar i revideringa av arealdelen	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune
Vurdere krav til, eller normer for leikeplassar og uterom i arbeid med bustad politisk plan og i revidering av sentrumsplanen.	Sentrumsplanen: Spesifikt regulere leikeplass i kjernen av Trøim sentrum.				Administrasjon Hemsedal kommune

11 ANALYSE DAGENS SITUASJON OPP IMOT MÅL 3


MÅL 3: EIN PROAKTIV BESØKSSTRATEGI

Fokusområde

1. Kanalisering av ferdsel
2. Vise omsyn til kartlegging og vern av sårbar natur og trua artar
3. Tilrettelegge for å førebygge konflikter, i form av parkeringsplassar, gradering, opplærande informasjon og skilting.
4. Vurdering av ulike framgangsmetodar for å drifte og vedlikehalde nye typar stiar, løyper og anlegg



11.1 VIRKEMIDDEL FOR Å STYRE FERDSEL




Trua artar: Villrein i planprosessen

Sør-aust i kommunen grensar kommunen til Nasjonalt villreinområde for rein. Ein bør følgje tilrådinga i regionalplanen, og *skilte startpunktet* til alle stiar som går inn i eit villreinområde, med informasjon om dette og om viktige omsyn. Villreinnemnda og Villreinutvalet kan bistå med innhaldstekst til slike skilt. Viken fylkeskommune er i prosess med å utarbeide ein eigen veileder

«Felles sti- og løypeplan for Nordfjella». Felles sti- og løypeplan skal i hovudsak ta for seg stiar og løyper som ligg i arealsona «Nasjonalt villreinområde» i regional plan for Nordfjella, og dei innfallsportane som påverkar ferdselen i «Nasjonalt villreinområde».

Sårbarhetsanalyse – tiltaksnivå sti- og løypeplan

I arbeidet med å kartlegge kvar ein ønskjer å hemme og fremme ferdsel, er ei sårbarhetsanalyse eit nyttig verktøy. Viken Fylkeskommune utfører denne kartlegginga som ein work-shop rundt ein trafikklysmoell; der dei kategoriserer ulike område som raude, gule eller grønne. Nordland Fylkeskommune nyttar liknande metodikk i arbeidet med besøksforvaltning, der dei har klassifisert dei ulike nivåa for ønska/uønska ferdsel og tilrettelegging som: Hjertepunkt, smertepunkt, kontaktpunkt.



Figur 16 Henta frå kurshefte Besøksforvaltning –Hva og hvordan. Utgitt av Nordland Fylkeskommune Versjon –mai 2020

Parkering

HUS har ansvaret for og driftar fire parkeringsplassar knytt til langrennsløypene; Tottenskogen, Gravset, Hestanåni, Trefta (Skogshorn). Det fungerer stort sett bra med parkering til vandrestiar. På dei mest travle dagane kan det bli mange parkerte på ein og same plass, spesielt når det er

topptursesong (vinter/vår). Til tider (påska og fram mot mai) kan det vere behov for noko meir tilrettelegging langs rv52 på Hemsedalsfjellet. Haldningar til tilreisande og lokale om «god etikette» for parkering bør få større fokus. HTTL har god kontakt med grunneigarar, og ein har fått til frivillige avtaler der grunneigarar stiller til dispensasjon grunn og tilrettelegg for parkering, mot ein sum som blir betalt ved hjelp av VIPPS. Strategien til HTTL er å i størst grad kunne legge til rette for stiar med etablerte parkeringsplassar/bompengar, slik at ein får inn pengar til vedlikehald. I konseptskissa for grøn mobilitet har ein føreslått strategisk plasserte parkeringsplassar som innfallsportar.

Skilt

HTTL har hovudansvaret for Topp 20. HUS har ansvar for vedlikehald sommartid og å setje ut skilt (både inn og ut-organisering av skilt i forbindelse med sommar-/vintersesong).

I forbindelse med satsing på fleirbruksstiar i sentrumsnære områder, er det også eit behov for og planlagt ei oppgradering av skiltinga. Ein ønskjer å gå over til metallskilt. Då kan ein ha informasjon på begge sider av skiltet, og ein kan skifte etikett ved behov for endringa av informasjon/slitasje. Skilta vil vere grønne med kvit skrift etter [Merkehåndboka](#).

Skilting / oversiktskart turruter

Det overordna målet med friluftslivets ferdselsårer prosjektet er å få fleire ut på tur. I veilederen frå Miljødirektoratet står det at skilting og merking også bør vere ei konkret oppfølging av plan. Skilting og merking av stiar og turruter er viktig for å auke bruken av turområde i nærmiljøet. Ein studie utført av NINA viser at skilting og merking er gode tiltak som fører til auka bruk. Hovudfunna i studien er at turrutene blei meir brukt etter at dei ble skilta og merka, og at det kom til nye og uerfarne brukara.



Figur 17 Eksempel skilting av nærturar i Florø. Bilde til høgre: Som i friluftslivets ferdselsårer-metoden er løypenettet kopla saman med skule, omsorgssenter, parkar, aktivitetshallar, parkering og liknande.

For turar i nærområda og i sentrum kan ein vurdere å bruke eit anna konsept for skilting av turstiar, enn dei dei grønne skilta som vert brukt på turrutene i utmark (etter standard frå Merkehåndboka).

Opplærande informering

NINA/NMBU har gjennomført forskingsprosjekt der dei ser på bruken av informasjon som verkemiddel til å løyse besøksutfordringar. Det å ta med seg resultat frå slike forskingsprosjekt inn i

utarbeidinga av ein kommunikasjonsplan for Hemsedal sommartid, vil vere med på å kvalitetssikre arbeidet.¹¹

Arkitekt Høyskolen i Oslo - studentprosjekt «Cultural and educational Walkways»

Masterstudentar ved Arkitekthøyskolen jobbar med eit prosjekt der dei blant anna ser på moglegheita for «Cultural Walkways» langs elva. Dei ser for seg ein forhøgd turveg (på stolpar) langs elva og inn mot skogen, som kan by både på betre tilgjengelegheit for dei lokale, og ei gå-oppleving for besøkande. Langs ruta kan ein opparbeide rasteplassar og «klasserom» med opplærande informasjon.

SMIL middel i landbruket

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er ei tilskotsordning som handlar om å gjennomføre miljøtiltak utover det som er forventa av vanleg jordbruksdrift. Formålet med SMIL er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket. Det kan blant anna søkast på tiltak som aukar tilgjengelegheit og opplevingskvalitet som sti rydding og bevaring og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø. Om du er grunneigar og har ein idé, der du ynskjer å kople deg opp imot sti- og løypenettet med for eksempel kulturopplevingar, ta kontakt med Landbruksavdelinga i Hemsedal kommune. Sjå meir informasjon om tilskotsordninga kommunen sine [heimesider](#).

Hengebrua - Solstadbrue

Gjennom medverkinga kom det fram at det ikkje er noko tvil om at det er mange som saknar hengebrua (Solstadbrue) og at stiane langs elva er det mest populære nær-turområdet. Foreininga Solstadbrue har starta ein folkeaksjon og organisert seg for å få opp att brua. Målet til foreininga er å få opp att hengebrua i løpet av våren 2023. Som ein del av prosjektet har dei også eit ønske om å vidareutvikle stinettverket langs elva. Inkludert i dette arbeidet er det ein tanke om å sjå på moglegheita for å fokusere på lokal kulturhistorie som ein del av opplevinga/opplærande skilting.

11.2 STRATEGISKE TILTAK FOR Å NÅ MÅL 3 – VIRKEMIDDEL FOR Å STYRE FERDSEL

Skilting, merking og felles kommunikasjonsplan

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Opplærande skilting; Utarbeiding av felles kommunikasjonsstrategi. Eit samarbeidsprosjekt der ein ser på bruken av informasjon som verkemiddel til å løyse besøksutfordringar.	Felles kommunikasjonsstrategi på nett sommaren 2024: Turistkontoret, kommunen, i bekreftelsar på bookingar? På utleige? Info i trykte brosjyrar. Potensielle aktørar: grunneigarar,	X	X	X	Kontaktutval for Landbruk, HTTL, kommunen. Går også under tiltak i sertifiseringa av Hemsedal som «Berekraftig reisemål».

¹¹ [Hvordan kan kommunikasjons tiltak påvirke atferd i naturområder?](#) S.20


	forskinsinstitusjonar, AHO, Fylkeskommunen, Hemsedal Hytteforening, Foreininga Solstadbrue				
Lage ein overordna plan for skilting og merking av stiane i nærområda, som ein del av arbeidet med å realisere konseptskissa for grøn mobilitet.			X	X	Kommunen, HTTL
Skilting innfallsportar med enkle overordna visuelle kart; basert på konseptskissa				X	Kommunen, HTTL

Sårbarhetsanalyse - workshop

Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
«Sårbarhetsanalyse» Kartlegge Hemsedal kommune etter «trafikklys-modellen» eller Nordland FK sin metodikk.	Medverking retta mot grunneigarar. Bør gjennomførast i samarbeid med revidering av arealdelen og sjåast i samanheng med ulike omsyns-soner.				Planavdeling Miljøvernrådsgjevar

11.3 VURDERING AV ULIKE FRAMGANGSMETODAR FOR Å DRIFTE OG VEDLIKEHALDE NYE TYPAR STIAR/LØYPER/ANLEGG

Samarbeidsmodell gjeldande sti- og løypeplan 2015-2018



Vinter og sommardrift Hemsedal Utmarksservice

HUS sitt formål er å utvikle og drifte skiløyper i heile Hemsedal kommune, i tillegg til ansvar for ein del av vedlikehaldet av turstiane i Hemsedal. HUS skil mellom vinter og sommardrift i rekneskapen. Vinter og sommardrift har ei omtrentleg 80/20 fordeling slik det er i dag. Vedlikehald langrennsløyper sommartid går under vinterdrift i rekneskapen. Hemsedal kommune gjev 30 000 kr

til utmarksoppsyn i beitesesongen frå kommunen si landbrukstilskotsordning. Vinterdrifta er under press, med eit ønske om fleire tidleg løyper og opparbeiding av fleire doble skøyte spor.

Planprosessen har ikkje medført større endringar på sti og løypeplanen for sommarstiar i første omgang. Drifta sommartid har vore relativt stabil, der HUS har innarbeida gode rutinar på internsystem, der dei held oversikt over årlege tiltak på dei ulike stiane (sjå vedlegg HUS årsrekneskap og statusrapport). Større planlagde investeringar vert dokumentert i eige vedlegg, og skal ikkje innarbeidast i driftsbudsjettet til HUS, men koplast mot eit eige investeringsfond i kommunen.

Avklaring eigarskap, drift og vedlikehald av nye anleggstypar

Sidan dei to førre planane som denne planen bygger vidare på vart utarbeida, har utviklinga ført til ei auke i aktivitetar som for eksempel sykling og rulleski. Desse nye formene for idrettsanlegg og aktivitetar danner nye spørsmål om kva rolle kommunen har. Mange sykkel- og rulleskiløyper er meir å betrakte som anlegg, enn stigar med beskjeden grad av opparbeiding. Desse endringane skapar eit behov for ei revidering av dei gamle handlingsplanane, slik at dei avspeglar dagens situasjon og framtidsbilete betre.

Sykelstiar


Stiane som har definisjonen «sykkelsti» er dei nye sykkelstiane som har blitt bygd ut/skal byggast ut i skisenterområdet. Figuren under viser kategoriar for grad av tilrettelegging av stiar, og er henta frå Opplysningskontoret for Terrengsykling sin guide: «[Stibygg – Guide for utvikling av terrengsykkelstiar og anlegg](#)». Sykkelutviklinga i Hemsedal legg denne guiden til grunn for stibygginga, og stiane i skisenterområde er i kategori 5-9. Kategori 5-9 reknast som sykkelanlegg i spelemiddelordninga.

Kategori	Beskrivelse	Brukere	Overflate material	Helning og bredde	Tekniske elementer	Inngrep	Kjøretøyt
Tradisjonell fjerbruksti	Blitt til som følge av vedvarende ferdsel. Varierende underlag med forekomst av bløte partier. Høy forekomst av stein og røtter. Kan være for bratt og teknisk krevende for syklist.		Stedlige masser	Helning: 0-20 % (eller mer) Bredde: 0,3-1 m	Naturlige forekomster av røtter og stein	Ingen	↕
Tradisjonell fjerbruksti (med vedlikeholdstiltak)	Som tradisjonell fjerbruksti, men med innslag av tre- og steinelementer. Kortere seksjoner kan være omgitt og opparbeidet for å unngå problemområder.		Stedlige masser	Helning: 0-20 % (eller mer) Bredde: 0,3-1 m	Klopping / Bruer / Steinsetting		↕
Opparbeidet fjerbruksti	Sti med fast overflate, bygget etter bærekraftige retningslinjer. Ingen spesifikke tekniske elementer for syklist. Steintrapper og bruer kan begrense fremkommelighet på sykkel.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: 0-15 % Bredde: 0,3-2 m	Klopping / Bruer / Steinsetting		↕
Opparbeidet sykkelsti	Sti med fast overflate, bygget etter bærekraftige retningslinjer, med tekniske elementer for syklist. Ofte utformet som en runde.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: 0-15 % Bredde: 0,3-2 m	Oppbygde- eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinelementer		↕ / ↕
Flytsti	Opparbeidet nedoverløype med fast overflate, bygget med lav helningsgrad, helgende profil og doserte svinger. Bred løype med få tekniske elementer. Fokus på flyt uten trøkk.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: 0-10 % Bredde: 1-1,5 m	Doserte svinger / Hopp / Tre- og steinelementer		↑
Downhill-løype	Opparbeidet nedoverløype med varierende overflate. Kan være bratt og teknisk krevende, og ha høy forekomst av tekniske elementer med økt risiko.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: 5-20 % (eller mer) Bredde: 0,3-3 m	Doserte svinger / Hopp / Tre- og steinelementer		↑
Ferdighetsløype	Opparbeidet sti med fast overflate og høy forekomst av tekniske elementer i tre og stein. Kompakt øvelsesarena for basisferdigheter som siden kan overføres til stier i terrenget.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: 0-10 % Bredde: 0,3-3 m	Oppbygde- eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinelementer		↑
Hoppstier	Opparbeidet arena med fast overflate. Utformes i ulike vanskelighetsgrader - fra kuler, til påstøtt og gapstøtt.		Stedlige masser Tilført grus	Helning: - Bredde: 1-3 m	Oppbygde- eller doserte svinger / Hopp / Tre- og steinelementer		↑
Pumptrack	Opparbeidet og kompakt arena med jevn overflate. Delvis med / flatt terreng. Utformet med kuler og doserte svinger så syklisten kan pumpes fart i sykkel.		Jord, grus, asfalt, betong, kompositt	Helning: Flatt terreng Bredde: -	Doserte svinger / Kuler		↑ / ↕

Sommaren 2021/2022 sti-patrolje

På same måte som ein har ski-patrolje vinterstid, har ein i tilknytning til sykkelløypene sommartid hatt sti-patroljen. Det har vore 2 personar på vakt kvar dag gjennom heile sommarsesongen. Dette er med på å auke tryggleiken for alle som er i bygda, besøkjande som fastbuande, som eit tillegg til det

som finns av offentlig beredskap. Sti-patruljen står for førebyggjande vedlikehaldsarbeid i stiane i skisenteret og Tottelia, og er beredskap ved eventuelle uhell. Sti-patruljen har ansvar for dagleg drift og vedlikehald av sykkelstiane. Sommaren 2022 vart dette organisert under HAAS.



Spelemidler og vedlikehaldsbudsjett


Sykelstiane i skisenterområdet (Silverstone, High Line og Sentrumsstien) har fått innvilga til saman 9,9 millionar kroner i Spelemidler. Eit av krava til å motta stønad, er at vedlikehald skal budsjetterast som ein årleg kostnad. Organiseringa av vedlikehaldsarbeidet er ikkje fastsett, men gjennomførast i dag av Hemsedal Aktivitetsanlegg som er eigar av anlegget. Sykelstiane er bygd i tilknytning til 8-seteren i Hemsedal Skisenter. Det er inngått ei avtale med Skistar som bidreg til å dekke store delar av vedlikehaldskostnadene, i tillegg har kommunen og næringa gjeve ein underskotsgaranti for å dekke opp for vedlikehaldskostnader. Vedlikehald av stiane og sti-patruljen har logge under HAAS sommaren 2022. HAAS er i utgangspunktet eit utbyggingsorgan, og ikkje ein driftsorganisasjon. Det er eit ønske å finne ei ny løysing på driftsoppgåvene som føl sykkelstiane. Kravet om at nokon må stå ansvarleg for vedlikehald i etterkant for å motta stønad frå Spelemiddelordninga, vil også gjelde ved bygging av ein fleirbrukssti/ein grøn-korridor gjennom dalen.

11.4 STRATEGISKE TILTAK FOR Å NÅ MÅL 3 - VURDERING AV ULIKE FRAMGANGSMETODAR FOR Å DRIFTE OG VEDLIKEHALDE NYE TYPAR STIAR/LØYPER/ANLEGG

Ansvar drift og vedlikehald sti- og løypeplan


Hemsedal Utmarksservice (HUS) skal i løpet av hausten 22 utarbeide 5-årig strategi for eigen organisasjon. Med bakgrunn i planprosessen for friluftslivets ferdselsårer (og FIFA-planen), er det følgjande forslaget frå kommunen si side for organisering av ansvar sti- løype:

Klasse 2	Ansvar
Samanhengande fleirbrukssti	Hemsedal Kommune




HUS ansvar for vedlikehald

Klasse 3: Nærturar	Klasse 4: Tursti «utmark»
Karisetberget (TOPP 20) Venåshøvda (TOPP 20) Lio(vest)-Øvre Halso Lio(øst)-Holdeskaret/Røggjin Hollekølten (TOPP 20) Gamle Kongevegen (Folk i form) Steget (TOPP 20) Trøim-Trøimsbøttin Trøim-Fekjastøltn Heimsilstigen Fiskumstigen Grønåsstigen Solaust Geiteberget	Fjellstøltn-Hølstein-Hulbak Buaknuppen (TOPP 20) Svarthetta (TOPP 20) Harahødn (TOPP 20) Kvitingatn (TOPP 20) Ranastøngji (TOPP 20) Bjøbergnøse (TOPP 20) Raudberg (TOPP 20) Den gamle Kongevegen Røggjin (TOPP 20) Totten (TOPP 20) Dyrja Kyrkjebønnøse (TOPP 20) Storehødn (TOPP 20) Veslehødn (TOPP 20) Gravsetåsen rundt Skogshødn (TOPP 20) Storhøvda (TOPP 20)
Kommune 3.0	Kommune 3.0
	Notødden – Unni og Odd Mythe Hølleskaret-Buaklanten -?
Privat ansvar Synarsvaet turstigar – Sameiget	DNT Bjøberg-Bjordalsbu Bjøberg-Kljåen (via Bulii) Bjøberg-Ljungsdaalen Kljåen-Bøastølane/ Skakadalen Kljåen-Sulebu Golsfjellet Utmarkslag Blomeslettatn-Vihøvd




HUS ansvar for vedlikehald (Topp 20:HTTL)



HUS rådgjevar/
Kommune
kontaktpunkt

Høg grad av tilrettelegging sentrumsnære turar
Hemsedal kommune: Klokkarsteinen Statleg sikra friluftsområde Rullestol- /barnevogn vennlig sti sentrum




HUS ansvar for vedlikehald
Drift under kommune

* for oversikt over strategi for utvikling av langrennsnettet sjå s. 28

* Sykkeltiar vil ikkje bli lagt under HUS. Det vil bli utarbeida ei eiga løysing for vedlikehald av sykkeltiar

1. Forslag organisering (med bakgrunn i planprosess kommunedelplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet)



Ansvar investerings- og utbyggingstiltak på sti- og løyper

Både HUS og HAAS vil vere aktuelle i gjennomføring av investeringstiltak knytt til sti- og løyesystemet.

Prioriteringsliste midlar til HUS sommarsesong -sti

Hemsedal har hatt ei kraftig auke i sommarturisme sidan førre sti- og løypeplan. Auke bruk gir også potensiale for auka interessekonfliktar mellom grunneigarar, landbruk og reiseliv (ferdsel i utmark). Hemsedal Utmarksservice mottok kvart år støtte frå kommunen og HTTL som mellom anna skal gå til sommarvedlikehald av sti (vedlikehald av langrennsløyper er inkludert i sum øymerke langrenn). Kommunen sitt forslag er å setje opp følgjande prioriteringsliste for korleis midlane skal fordelast og prioriterast.

1. **Tilrettelegging/konfliktdempande tiltak opp imot grunneigarar etter behov (løpande kommunikasjon inn frå grunneigarar) Eksempelvis: sette opp gjerder (kanalisering), skilting og tilrettelegging led/grinder.**

Slike tiltak kan vere viktig for å hindre konfliktar. Om målet skal vere å sikre ferdsel i utmark, og samtidig verne om landbruksnæringa, kan ein i større grad øymerke midlar direkte til førebyggjande konflikttiltak, kan ein på sikt danne eit betre grunnlag for å oppretthalde ferdsel i utmark. Om ikkje grunneigar ønskjer ferdsel over sitt areal i utgangspunktet, har ein ressursar til å prioritere tiltak som kan vere konfliktdempande.
2. **Oppsyn:** Oppsyn er i dag ei av oppgåvene til HUS. Kommunen meiner det kan vere eit førebyggjande tiltak å prioritere oppsyn i større grad. Det er i dag avsett egne midlar til oppsyn via eigen landbrukstilskotsordning. Vedtektene er under revidering og det er eit ønske å auke tilskotet og dokumentasjonskravet på oppsynet. Kommunen sitt forslag er å øymerke nokon av midlane til stillingar som spesifikt har dette som ein del av sitt ansvarsområde sommartid. Dette krev avgrensa politimyndighet (juridisk verkemiddel).
3. **Vedlikehaldsarbeid stiar:** Hemsedal kommune ber HUS prioritere oppgradering/vedlikehald av stiar- og løyper dei har ansvar for, etter følgjande prioritering
 - a. Topp 20-stigar
 - b. Sentrale stiar/løyper med utspring frå Tuv, Trøim og Ulsåk
 - c. Skilting
 - d. Realisering av strategiske tiltak etter FIFA-planen
4. **Eige budsjett for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.**

Det er mange som brenn for utvikling og vedlikehald av sti og løyper. Kommunen foreslår ei fadderordning for visse av nærturane, i tillegg til enkelte meir perifere turar knytt til dei ulike hytteområda. På den måten kan kommunen utnytte dei frivillige ressursane i kommunen, samtidig som innbyggjarar og hyttefolk kan få meir eigarskap til sine nærområde. Dette kan igjen bidra til auka trivsel og samhold i lokalsamfunnet. Det er lagt inn forslag på ein eigen post i framlegg til økonomi- og handlingsplan 2023-2026 øymerke FIFA-plan – mindre tiltak for 2023 (rundt 5000 kr per tiltak). Denne potten kan brukast til tiltak i regi av «kommune 3.0» og rettast mot (ulike vel, frivillige organisasjonar, ++). Om tiltaka er knytt til sti- og løypeplanen må arbeidet skje i samarbeid med HUS. HUS sit på kunnskap om stibygging, utstyr og liknande. På tiltak som blir gjennomført i regi av kommune 3.0 på stiar som HUS har ansvaret for i løypeplanen, må ein inngå eit samarbeid for å få utført arbeidet.

12 IDRETT- OG AKTIVITETSSANLEGG I HEMSEDAL

12.1 OVERSIKT AKTIVITETSSANLEGG I HEMSEDAL

LIO	
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Lio okart
LIO GRENDAUTVAL	Lio aktivitetssanlegg: Liten balløkke/-bane
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Hockeybane/skøyteområde
TUV	
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Tuv okart
TUVSØYNE VEL	Fleirbruksområde (ute v/brua). Brukt av BH.
HEMSEDAL KOMMUNE	Tuv Barneskule: Liten balløkke/-bane
HEMSEDAL KOMMUNE	Tuv Grendahus
HEMSEDAL KOMMUNE	Gang- sykkelveg mellom Tuv-Holdebakken med lysanlegg, i trase ved sidan av langrennsløypa.
SENTRUM NORD (vest)	
BEKKEDALEN VELFORENING	Skadvinvegen: Fleirbruksområde (ute)
NEDRE SKOGAJORDET VEL	Liten balløkke/-bane
BEKKEDALEN VELFORENING	Liten balløkke/-bane
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Trøim Sprintkart
STUPULVEGEN VELFORENING	Leikeplass
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal samfunnshus: aktivitetssalar
HEMSEDAL SENTRALSKULE	
HEMSEDAL KOMMUNE	Sandvolleyballbane
HEMSEDAL KOMMUNE	Skatepark
HEMSEDAL KOMMUNE	Liten balløkke/-bane
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal sentralskule nærmiljøanlegg/Hinderløype
HEMSEDAL KOMMUNE	HBU-aktivettsløype/hinderløype
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal idrettshall/volleyball
HEMSEDAL KOMMUNE	Bibliotek
HEMSEDAL KOMMUNE	Fotballbane grus
HEMSEDAL IDRETTSPARK	(v/Hugnadheimen)
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal skate - og basketbane
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Liten balløkke/-bane
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Parkouranlegg/betongpark
HEMSEDAL KOMMUNE	Hugnadheim
HEMSEDAL KOMMUNE	Kunstgrasbane
HEMSEDAL KOMMUNE	Klubbhus/gardrobebygg
HEMSEDAL IDRETSSLAG	Ishockey bane
HEMSEDAL SØR	
HEMSEDAL AKTIVITETSSANLEGG AS	Tottelia sykkelpark ved Tottenskogen/Tottelia
HEMSEDAL IDRETTSKLAG	Rulleski og laserskytebane
HEMSEDAL SKYTARLAG	Riflebane (ute)

HEMSEDAL IDRETTSLAG	Torsetåsen orienteringskart
ULSÅK	
HEMSEDAL IDRETTSLAG	Orienteringskart Ulsåk
HEMSEDAL NORMISJON	Hemsedal bedehus
HEMSEDAL KOMMUNE	Ulsåk barneskule - gymsal
GRAVSET	
HEMSEDAL IDRETTSLAG	Gravsetstugu
HEMSEDAL IDRETTSLAG	Snøkanonanlegg ved Gravset skiarena
HEMSEDAL KOMMUNE	Skogshornstigen
ULSÅK BARNESKULE	
HEMSEDAL KOMMUNE	Ballbinge
HEMSEDAL KOMMUNE	Hinderløype
SVØØ	
VØTTEN VEL	Akebakke
SVØØ VEL	Liten balløkke/-pumptrack bane
HEMSEDAL IDRETTSLAG	Langeset Nærmiljøkart
DNT	
DNT	Lungsdalshytta - Raggsteindalen tursti
DNT	Lungsdalshytta - Tovika tursti
DNT	Kljåen i Mørekvamsdalen
HEMSEDAL SKISENTER OMRÅDET	
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Silverstone - blå terrengsykkel flytsti
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Broadway – grøn tur/retur fleirbrukssti
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	High Line – grøn/blå terrengsykkelsti
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Sykkelskilting i Hemsedal
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Skigaarden fleirbrukssti
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Skigaarden flytsti
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG	Pumptrack sykkelpark (søkt spillemiddel 2023)
HEMSEDAL SENTRALSKULE PLANLAGTE ANLEGG	
HEMSEDAL AKTIVITETSANLEGG AS	Hemsedal Aktivitetspark
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal Sentralskule aktivitetspark
HEMSEDAL KOMMUNE	Hemsedal Sentralskule friidrett
HEMSEDAL SENTRUM	
HEMSEDAL KOMMUNE	Bruøyne Rundløype og aktivitetspark

Hemsedal Aktivitetspark - Hemsedal Aktivitetsanlegg AS

I forbindelse med den nye sentralskulen er det planlagt ein aktivitetspark for eigenorganisert aktivitet som skal innehalde:

- Rullebrett/pumptrack bane
- Eigenvektstrening
- Motorikk
- Høg intensitets/lav intensitets- aktivitetssoner
- Vinteraktivitet som aking, ski, snowboard, snowskate m.m.
- Trampolinar m.m.

Hemsedal sentralskule aktivitetspark

Dette er også ein aktivitetspark som er planlagt i forbindelse med bygginga av ny skolegard ved sentralskulen i Hemsedal, først og fremst for å ivareta elevane sitt behov for ballspel i friminutta – samt behov for friidrett/ gym i skuletida. Denne parken er spillemiddelberettiga. Parken skal innehalde:

- Sandvolleyballbane (flyttast frå eksisterande område)
- Basketbane
- Frifotbane (200 m lang friidrettsbane inkl. 60 m med ei lita fotballbane på innsida)
M.m.

Andre anlegg i Hemsedal

Andre anlegg: Hundepark Torset, Frisbee-golf Grøndalen, Klatring, Lysløyper Gravset.

Oppfølging for framtida frå førre plan som ikkje er gjennomført

- Utviding av Trøimshallen/nybygg hall
 - Hemsedal kommune har vedteke samanslåing av tre skular til ein, og vil i den samanheng ha behov for utviding av dagens Trøimshall/eventuelt nybygg. Status: under planlegging.
- Revidering o- kart
 - Revidering av orienteringskart er absolutt nødvendig for ei o-gruppe med stor aktivitet. Stadig er det endringar i høve til hogst og andre tiltak på areal i Hemsedal. Status: Kontinuerleg vurdering.
- Rehabilitering av fotballbanen
 - Utskifting av dekke på fotballbanen på grunn av slitasje. Status: Ikkje gjennomført.
- Symjebasseng
 - Symjebasseng er eit etterlengta tiltak, men det er uvisst kva tid det kan bli realisert. Kommuneøkonomien er pressa, men tiltaket er heilt klart med på den prioriterte lista. Status: Ikkje gjennomført.

12.2 ORGANISERT AKTIVITET

I kommunen er det mykje organisert bruk av idrettsanlegga. Hemsedal Idrettslag hadde i 2021 totalt 995 betalende medlemmar. I tillegg har ein Hemsedal Skyttarlag (110 medlemmar), Hemsedal Golfklubb (210 medlemmar) og Hemsedal Skiforening (800 medlemmar).

Hemsedal Idrettslag (for fullstendig dokument på tilbakemeldingar frå undergrupper sjå vedlegg)

Hallkapasitet: Som ei felles utfordring- på tvers av alle undergrupper er hallkapasitet eit gjennomgåande tema. Avgrensa hallkapasitet redusera aktiviteten. Trøimshallen er for liten til å spele handball på full bane, eller for å kunne ha to volleyballnett oppe samtidig. For dei fleste aktivitetane er Trøimshallen den einaste hallen ein kan gjennomføre treningar på (gym salane på skulane er for små). Frå skuleslutt til klokka 21.00 i kvardagane er kapasiteten i Trøimshallen sprengt.

Basishall/motorikkhall/spinningrom/kampsport: Det er ønskeleg med ein basishall eller motorikkhall der apparat som trampoline og airtrack m.m. er fastmontert, og kan brukast av alle undergrupper. Fastmontert utstyr er tryggare, det sparar tid, og det er mest skånsamt for utstyret. Trimgruppa ønsker seg eit godt spinning rom. Det er også behov for treningsfasilitetar til kampsport med eigna golv. Alt dette bør vurderast ved bygging av ny hall.

Alpin/Freeski/Snowboard: Hemsedal har naturgitte og gode forhold utandørs, men kommersielle interesser medfører visse avgrensingar (f.eks. opningstider/kveldskøyting), noko som er det største hinderet for å lykkast med å foreine bredde og topp. Det manglar tilgang på treningsbakke/park med lys, kor der er terreng og heiskapasitet som gjev moglegheit for auka aktivitet på treningane.

Langrennsski/rulleski/skiskyting: Det er behov for å bytte ut det eldre lysanlegget på Gravset med LED-lys. Det er ønskeleg med fleire løyper tilrettelagt for skøyting, samt fleire tidleg løyper. Skiskyttar bana er operativ frå hausten 2022. Langrennsgruppa driftar og vedlikeheld mykje på dugnad, og ein del av dette kjem også bygdas innbyggjarar til gode. Det ønskes ei betre fordeling av kostnader og dugnadstimar på dei som nyt godt av langrennsgruppa sin innsats.

Klatring: Topp uteforhold, klatrehallen begynner å bli liten, treng større klatre/buldrehall. Klatregruppa held til i private lokale og er prisgitt eigarane for å behalde moglegheita for inne treningar.

Fotballbane: NFF og Miljødirektoratet har kome med krav til alle kunstgrasbaner om at det ryddast opp gummigranulat som har hamna utanfor kunstgraset. Dei gjev også pålegg om å sette opp fysiske barrierar rundt kunstgraset. Innan 4 til 8 år må kunstgrasdekket på hovudbana skiftast på grunn av alder og slitasje. Desse tiltaka medfører betydelege kostnader, kor nytt kunstgras utgjør den største posten. Om innbyggartalet i bygda fortset å auke, vil det bli behov for fleire speleflater. Idrettsbana ligg langt unna skulen der barn og unge oppheld seg.


Ishockey-bane: Eit tak over hockeybana vil kraftig redusere behovet for gjennom vinteren, og frigje tid som heller kunne ha blitt brukt på å skape meir aktivitet. Om sommaren kan området nyttast til alternative idrettar, som for eksempel tennis.

Orientering: Det er stort behov for nye og oppdaterte kart for mange områder i bygda.

Sykkel: Treng betre nettverk av skilta stiar slik at ein enkelt kan bruke sykkel som transportmiddel. Grøn og blå dal-sti må merkast betre, og med litt tilrettelegging med små hopp og crux kan dei bli brukt av ei større gruppe syklistar. Ønsker større fokus på dal-stiane og betre tilrettelegging for naturlege sti-løyper for nybyrjarar.

Barneidrett: All-idrett er et variert aktivitets-tilbod som gjev barn og ungdom i nærmiljøet moglegheit til å prøve ulike idrettsgreiner i fleire miljø. Alderstrinn 6-12 år. Trener med dei andre undergruppene.

Friidrett: Godkjent løypedekke på bana ved HBU vil kunne skape auka interesse for friidrett, som igjen kan danne grunnlag for ei eigen undergruppe på sikt. Ei slik gruppe vil i så fall vere ein naturleg del av det breie tilbodet HIL bør kunne tilby.



Figur 18 Hemsedal Idrettslag medlemstal: lys blå 2017/mørk blå 01.01.2022

12.3 FRIVILLIGE ORGANISASJONER, FYSISK AKTIVITET OG MØTEPLASSAR I HEMSEDAL

Frivillig sentralen i Hemsedal

Frivillig sentralen har totalt 120 frivillige personar som bidreg, og om lag 200 personar som deltek på ulike aktivitetar. Frivillig sentralen tilbyr varierende aktivitetstilbod, sjølvhjelpsgrupper og er ein sosial møteplass for innbyggjarane i kommunen. Aktivitetane og tiltaka som er utforma kan bidra til å motverke einsemd, motverke fysisk inaktivitet og tilrettelegge for ei auka sysselsetting i befolkninga. Aktivitetane og tiltaka gjennom Frivillig sentralen er av førebyggjande og helsefremjande art på universelt, gruppe- og individuelt nivå. Av tiltak som fell under fysisk aktivitet og friluftsliv tilbyr Frivillighetssentralen:

- Turgruppen «FRISK»
- «RUSLE» gruppen
- Bålpannekos
- Kvinner ut – nettverksgruppe
- Styrketrening
- Historisk vandring
- Bassentrening i Nesbyen
- Sykkelpilot



Helsehuset

Helsehuset blei starta opp 01.01.2021. Ressursar frå Frivilligsentralen, Frisklivscentralen og psykisk helse utgjer i dag Helsehuset, som er ei kommunal avdeling innan helse og omsorg. Helsehuset er eit heilskapleg helsetenestetilbod med bl.a. ei målsetning om å fremje god psykisk og fysisk helse i befolkninga. Helsehuset bidreg med helsefagleg kompetanse inn i Frivilligsentralen med fokus på å kunne fange opp utsette målgrupper, då særleg risikogrupper på indikativ nivå. Samla sett har den nye organiseringa bidrege til ei større moglegheit for kartlegging og oversiktsarbeid av kva behov det er i Hemsedal kommune, for å kunne utvikle og tilby tiltak deretter.

Frivilligsentral for barn og unge og BUA utstyrssentral

Frivilligsentralen for barn og unge og BUA er organisert under Hemsedal Frivilligsentral og Helsehuset. Tiltaket skal bidra til å inkludere barn og unge med ulik sosial bakgrunn, og vere eit bindeledd mellom frivillige lag, organisasjonar og det førebyggjande folkehelsearbeidet i kommunen.

Dei fleste organiserte aktivitetar fordrar oppmøte fleire gonger per veke og er ofte forbundet med konkurranse og prestasjon. Fleire unge ønsker ikkje å vere med i organiserte aktivitetar, og dette kan medføre fare for auka utanforskap og sosial ulikskap. Som eit ledd i å møte desse utfordringane har Frivilligsentralen for barn og BUA eit mål om å tilby aktivitetar basert på reell medverking, ønsker og behov frå målgruppa. Barn og unge har adressert at dei ønsker ein stad å «henge» og delta i aktivitetar som ikkje er basert på prestasjon og konkurranse. Frivilligsentralen for barn og unge og BUA utstyrssentral ønsker å skape ein inkluderande og tilgjengeleg sosial arena for barn og unge, og med dette bidra til ei meir meningsfull fritid.

Frivilligsentralen og BUA er sentralt lokalisert i underetasjen på Trøimshallen, i nær tilknytning til Hemsedal Barne- og Ungdomskule (HBU), aktivitetsparken som ferdigstillast hausten 2023, busshaldeplass og sentrumsområdet. Frå Frivilligsentralen og BUA er det gangavstand til mange tur- og bruksområde for ulike aktivitetar og friluftsliv. Prosjektet skal bidra til at lokalsamfunnet møter dagens utfordringar og saman bidra til at alle barn og unge, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal kunne ha ein møteplass og moglegheit til å delta i aktivitetar uavhengig av utstyr. BUA vil låne ut utstyr til dei som har behov for dette, og til alle som ønsker å prøve aktivitetar dei elles ikkje ville ha testa. Dette er ein berekraftig modell som skal bidra til auka aktivitet, og samtidig bidra til å redusere forbruket.

Hemsedal Skiforening

Hemsedal Skiforening er ein interesseorganisasjon (stifta i 2012) som ønskjer å ha ei aktiv stemme i planprosessen til kommunedelplanen for Friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2021-2024. Deira interessefelt rommar spesielt ski/sti- og sykkeløyper. Våren 2021 gjennomførte dei ei spørjeundersøking i forbindelse med oppstart av planprosessen. Spørje-undersøkinga hadde stor oppslutning med 486 deltakarar. Av desse var 89 % fritidshemsedøler.

Masterplanen for Sykkel har i følgje Hemsedal Skiforening mange fine tiltak, men dei saknar eit fokus på tursykling på sykkeløyper utanfor dei sentrumsnære områda. Dei ser for seg ei utvikling av stiar med enklare oppbygging, tilrettelagt for familiar og den «vanlege» mann i gata på sykkel tur ute i fri natur. Dei ser eit klart potensiale fleire stadar, der ein kan kople i hop ulike stiar og vegar, og på den måten skape attraktive rundturar. Dei meiner det er vel og bra at ein har eit fokus på høg-kvalitetsstiar, samtidig som dei ønskjer å fronte denne typen utvikling, som dei meina kanskje har kome litt i skuggen av hovudsatsinga på sykkel gjennom masterplanen.

Ut i frå Spørje-undersøkinga om friluftstilbodet i Hemsedal kom det fram at dei som svarte i stor grad er nøgd med kvaliteten på løypenettet i henhold til antall km og variasjon. Høgare frekvens på preparering var eit område som blei trekt fram som ønskeleg å prioritere i utviklinga. Det same var eit ønske om fleire løyper tilrettelagt for både klassisk og skøyting, og tidleg-løyper som krev lite snø.

12.4 UORGANISERT AKTIVITET

Hemsedal Aktivitetspark v/Hemsedal Aktivitetsanlegg AS og Hemsedal sentralskule aktivitetspark er to tilskot til bygda som vil auke tilbodet av uorganiserte aktivitets- og møteplassar for barn og unge.

Ei full størrelse pump-track bane er ein del av Masterplanen for sykkel, i tillegg til at sti nettet for sykling langs elva/dalbotnen er planlagt utvikla for nybyrjarar og barnefamiljar. Alt dette vil vere med på å auke aktivitetstilbodet for uorganisert aktivitet.

13 VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV ANLEGG

Ut frå den behovs analysen som det er redegjort for gjennom måla i kapittel 3.1, vil kommunen vurdere dei ulike aktivitetstiltaka som skal prioriterast dei næraste 4 år.¹²

Kva grupper har kommunen spesielt ansvar for når det gjeld tilrettelegging for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet?

I planprosessen er det ønskjeleg å legge ekstra vekt på barn- og unge sine behov, menneske med nedsett funksjonsevne, personar med innvandrarbakgrunn, ungdomsrådet og eldrerådet. Det har ikkje blitt teke ekstra omsyn til personar med innvandrarbakgrunn, då ein med bakgrunn i statistikk for innvandring ser at størstedelen av innvandrarane kjem frå land med liknande kulturell bakgrunn (Sverige, Litauen, Polen og Tyskland), og stort sett har dei same behova for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet som befolkninga generelt. Hos Ungdomsrådet vart det trekt fram at det var mangel på sosiale møtestadar i Hemsedal. Dette er særleg ei oppgåve ein også må ta med seg inn i SMART-fjellbygd prosjektet, for korleis utforme uteområda i Hemsedal så der blir fint å vere for ungdomen.

Aktivitetssituasjonen

Ein ser i Hemsedal ein tydeleg nedgang i deltaking på organisert aktivitet. På grunn av pandemien som har funne stad i same perioden som ein har sett ein nedgang i medlemstala, må ein ta dette med i berekninga, og at medlemstala potensielt sett kan ta seg opp att. I perioden som den nye kommunedelplanen gjeld for vil det kome fleire nye aktivitetsanlegg nær HBU, som vil fungere som møteplassar og arenaer for uorganisert aktivitet for barn- og unge i Hemsedal. Hemsedal kommune har hausten 2022 opna Frivilligsentral for barn og BUA utstyrssentral, som har som mål å auke tilbodet for dei som ikkje deltek på organisert aktivitet, og motverke utanforskap og sosial ulikskap.

Det kjem fram gjennom medverkinga at det er lite grøne rekreasjonsområde tilgjengeleg for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Det er for eksempel låg grad av tilrettelegging av stiar og turvegar i tilknytning til både eldreheimen, og dei nye bustadane på Bråtenjordet tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Desse institusjonane ligg i same området som HBU, dei nye aktivitetsparkane, Frivilligsentralen for barn, BUA utstyrssentral og Frivillighetssentralen. Medverkingsprosessen bygger opp under at dette er eit sentralt område å tilrettelegge som strategisk innfallsport til grønt-områder og sti- og løypenettet.

¹² [Sjekkliste for vurdering av behov for anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunen | Gode idrettsanlegg](#)


Befolkningsdata (barn, ungdom, voksne, eldre): Framskrive folkemengd etter alder

	Hovedalternativet (MMMM)		
	2022	2030	Endring
0 år	22	29	7
1-5 år	146	155	9
6-12 år	216	218	2
13-15 år	99	91	-8
16-19 år	103	136	33
20-44 år	905	972	67
45-66 år	751	940	189
67-79 år	262	300	38
80-89 år	84	123	39
90 år eller	23	25	2
Totalt	2611	2989	378

Tala viser (hovudprognosen frå SSB) at Hemsedal er veldig avhengig av flytting for å få nemneverdig vekst. I eit scenario kor ingen får flytte inn/ut av kommunen aukar befolkninga med 41 personar (1,6% fram mot 2030). SSBs hovudalternativ som vist over, inneheld både innanlands flytting og innvandring, og dette gjev Hemsedal ein vekst på 378 personar (14,5%) fram mot 2030. Konklusjonen er at Hemsedal er heilt avhengig av å få personar frå andre kommunar/land for å ha befolkningsvekst, då kommunen si befolkning har ei alderssamansetning som ikkje gjev befolkningsvekst ("naturlig utvikling" for Hemsedal vil gje befolkningsnedgang frå rundt 2045).¹³

Fleire eldre og framtidige behov

Vi ser av tabellen at den største auka i folketal etter prognosen vil skje i aldersgruppa over 45 år. Generelt i Noreg si befolkning er kun tre av ti voksne og eldre aktive nok. Mindre bevegelse i dagleglivet og ved transport forklarar mykje av det lave aktivitetsnivået i befolkninga totalt sett.¹⁴




Figur 19 Henta frå handlingsplan for fysisk aktivitet

¹³ Statistikkavdelinga i Viken Fylkeskommune

¹⁴ [Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029](#)

Hemsedal kommunen har ein høgare del som har muskel- og skjelett plager enn landstala. Pasientar med skadar, sjukdomar og plager knytt til muskel- og skjelettsystemet utgjør ein stor del av pasientane i helsetenesta i Noreg. Det er berekna å vere den diagnosegruppa som «plagar flest og kostar mest», sjølv om dei fleste tilstandane ikkje medfører betydeleg over-dødelegheit. Det er ikkje alvorsgraden ved muskel- og skjelettlidingar som skapar det store helsetapet, men utbreiinga og kostnadane for samfunnet. På landsnivå var talet som var i kontakt med fastlege eller legevakt for muskel- og skjelettplager stabil i perioden 2010 til 2015 for aldersgruppa 0-44 år. I aldersgruppa 45-74 år var talet stigande.¹⁵

- Prognosen for Hemsedal viser ein særleg vekst i folketalet i aldersgruppa frå 45 år og oppover
- Folkehelsedata viser at Hemsedal har ein høgare del muskel- og skjelett plager enn landstala
- På landsnivå var delen som var i kontakt med fastlege eller legevakt for muskel- og skjelettplager i aldersgruppa 45-74 år stigande



Figur 1a. De 10 ledende årsakene til ikke-dødelig helsetap hos menn og kvinner i Norge, 2019. Ikke-dødelig helsetap er et mål på redusert helse som tar hensyn både til forekomst og konsekvenser. Kilde: Institute for Health Metrics and Evaluation, 2021.

Mange sjukdommar og plager knytt til muskel- og skjelettsystemet har samanheng med stillesittande livsstil, overvekt, røyking og arbeidsrelaterte faktorar.¹⁶

Over halvparten av vaksne og eldre vil oppfylle helsemessige anbefalingar, dersom dei dagleg er ti minutt meir aktive. I regeringa sin Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-29 er dette poengtert med setninga:

«Vi må ta tilbake kvardagsaktiviteten!»

Ei særleg auke i folketalet i aldersgruppa 45 år og oppover i Hemsedal, og at ein høgare del av innbyggjarane i Hemsedal har muskel- og skjelett plager enn landstala, underbygger behovet for grøn mobilitet og tilgjengelege og attraktive nærområde i Hemsedal (mål 1). Dette inkludera tidleg-løyper

¹⁵ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/ikke-smittsomme/muskel-og-skjeletthelse/>

¹⁶ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/ikke-smittsomme/muskel-og-skjeletthelse/>

og tilgjengelegheit til langrennsløyper vinterstid i dei sentrumsnære områda, og moglegheita for å sykle på grønne transportårer i nærområda der folk flest bur.

Organisert aktivitet

Når vi ser på statistikken til idrettslaget viser tala størst nedgang for fotball og volleyball frå 2017 til 2021. Sykling er den aktiviteten som har fått flest nye medlemmar, bortsett frå klatring som har blitt den nest største undergruppa etter langrenn etter at den nye klatrehallen opna.

Trøimshallen planleggast utvidast. Det er sett av prosjektmidlar til planlegging av utviding av hallen. Frå idrettslaget er det kome ønske om at det blir etablert ein basishall som ein del av utbygginga av ny hall med fastmontert trampoline- og airtracker område (dette finst i dag på Gol).

Prognosen viser at det ikkje er forventa ei auke i tal innbyggjarar i barne- og ungdomsskulealder fram mot 2030 (ein auke med 2 personar på barneskulen, og ein nedgang på 8 personar i ungdomsskulealder). Sjølv om det ikkje er forventa ein befolkningsvekst i denne aldersgruppa, er det generelt mange lag og organisasjonar som nyttar seg av hallen, og det er eit behov for å utvide den kapasiteten som er i dag.

Oppfølging for framtida frå førre plan for idrett og fysisk aktivitet på tiltak som ikkje er gjennomført er rehabilitering av fotballbana og symjebasseng. Idrettslaget har ikkje prioritert å søke om Spelemidlar til utskifting av dekke på fotballbana for 4-års perioden kommunedelplanen gjeld for. Symjebasseng er eit etterlengta tiltak, men det er uvisst kva tid det kan bli realisert.

Av innspel utanom medverkinga har ein fått inn forslag om frisbee golf i sentrumsområde. Dette ønske er teke vidare til SMART-fjellbygd prosjektet. «Frisbeegolf er ein av verdas raskast veksande sportar. I Noreg er det no meir enn 150 baner sprett rundt i landet og talet aukar frå år til år. Det er lett å kome i gong med frisbeegolf og det passar for heile familien. Utstyret er billig og det er gratis å spele på alle banene i Noreg. Ein kan spele saman med andre eller mot seg sjølv. Framfor alt er det ein utfordrande, morosam og sosial sport!»¹⁷

Om du ser på innspela frå Innbyggjarundersøkinga for Trøim sentrum og Smart Fjellbygd prosjektet, ser du at både frisbeegolf, fleirbrukshall og basseng er tilbod og rekreasjonsområde innbyggjarane skulle ønske var tilgjengeleg i Trøim sentrum i 2027. Elvelangs og park er det som flest folk ønskjer seg.



¹⁷ <https://www.frisbeegolf.no/hva-er-frisbeegolf/>

14 PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM UTBYGGING AV IDRETTS- OG FRILUFTSANLEGG

14.1 OVERSIKT PRIORITERING AV ANLEGG OG TILTAK FOR Å FREMJE FYSISK AKTIVITET

I tabellen under finn du ei oversikt over alle idrettar, anlegg og tilretteleggingar for fysisk aktivitet som har vore nemnd i planen. Tabellen er retningsgivande for prioriteringar dei neste 4 åra, i budsjettarbeid og i søknadar om Spelemiddel. Prioriteringa av tiltaka er sett i samanheng med tiltaka i handlingsplanen, og er ei oppsummering og ein forenkla presentasjon av den samla vurderinga som er gjort med bakgrunn i heile planprosessen/plandokumentet.

	Anlegg	0-6 år	7-12 år	13-16 år	17-30 år	30-45 år	45-70 år	>70 år	Menneske med nedsett funksjonsevne
Aking									
Alpin									
Bading friluft/tilrettelagt bading ute								X	X
Ball-leik ballbinge									
Ball-leik (liten ball-løkke/bane)									
Barneidrett									
Basishall	X								
Basketball									
Riflebane (ute)									
Fotball, gras									
Fotball, kunstgras									
Friddrett									
Golf									
Fresbeegolf	X								
Handball (Trøimshallen)	X								
Kampsport	X								
Klatring									
Langrenn									
Langrenn lysløype									
Langrenn skøyting									
Langrennsløyper dalbotn	X								
Langrenn tidligløyper	X								
Orientering									
Skatepark									
Betongpark									
Innendørs miniramp									
Pump-track sykling mini									
Pump-track sykling full størrelse	X								
Free ski									
Sandvolleyball									
Skiskyting									
Skøytebane									
Skøytebane tak/overbygg									
Svømming									
Trøimshallen, utbygging	X								
Terrengsykling									
Trampoline (ute)									
Trim, spinning (idrettslag)									
Trim, styrketrening (idrettslag)									
Turgåing	X	X					X	X	X
Tursykling	X	X	X				X		

Teiknforklaring:

	Svært gode tilbud
	Tilfredstillande / noko mangelfullt
	Dårleg tilbod
	Ikkje aktuelt
X	Prioriterast

14.2 HANDLINGSDEL OPPSUMMERT

Oppsummering av tiltak. Tiltaka i handlingsdelen er drøfta og presentert i kapittel 9, 10 og 11.

Tiltak mål 1:					
Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Statleg sikra friluftsområder					
Vurdere å revidere forvaltningsplan Bru-Øyna	August kvart år	X	X	X	Miljøvernrådsgjevar
Vurdere å søke Klockarsteinen som statleg sikra friluftsområde	August kvart år	X	X	X	Miljøvernrådsgjevar
Turveg med høg grad av tilrettelegging					
FASE 1: Turveg med høg grad av tilrettelegging i sentrum	Kunnskap frå FIFA planen må takast omsyn til inn i SMART fjellbygd prosjektet				Smart Fjellbygd (Næringssjef og Plan og utvikling)
FASE 2: Bygging turveg med høg grad av tilrettelegging i sentrum		Frå ny p-plass ved kyrkja via Heimsilstigen og bort til skogholtet. Frå Bruøyne – Torsetvegen (påbyrjast 2023)			Hemsedal Kommune
FASE 3: Vidare utbygging turvegjar med høg grad av tilrettelegging innanfor konseptskissa. Bruke kartlegging Kartverket som grunnlag for aktuelle stiar.	Frå medvirkninga både hos Smart Fjellbygd og FIFA-planen kom det fram at det er viktig med <u>breie nok stiar</u> . Dei som av ulike årsaker har nedsett funksjonsevne (for eksempel eldre) er det viktig å huske på å bygge breie nok stiar.	X	X	X	Utbyggjarar/ Hemsedal kommune
Konseptskissa for grøn mobilitet					
Konseptskissa for Grøn mobilitet ligg til grunn for revisjon av kommuneplanens arealdel.	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune
Konseptskissa for grøn mobilitet fase 1 og 2: Grøn fleirbrukssti					
FASE 1: Utarbeiding prosjektplan «grøn fleirbrukssti»	Samarbeid mellom masterplan sykkel, HUS, grunneigarar og profesjonelle stibyggarar og studentprosjekt AHO.				Idrettslaget/ Masterplan Sykkel/ Kommunen/
FASE 2: Gjennomføringsdel. Bygging «grøn fleirbrukssti»		X	X		Hemsedal kommune-HAAS
Kommune 3.0 /nærturar / nærområde					
FASE 3: Organisering potensielle frivillige lag og organisasjonar som skal stå ansvarlege for utvalde nærturar: Lage prosjektplan for nærturar ut i frå innspel i medverkinga	Kommunen startar opp jobben med å sjå på moglegheiter ut i frå innkome innspel i medverkinga. Kontaktar grunneigarar. Tiltak som gjer at ein når mål 1 med tilhøyrande fokusområde.				Plan og utvikling

Kommune 3.0: 150 000 kr (sum må arbeidast inn i budsjett årleg). Tilskot gjeld tiltak i nærområde i heile kommunen.	Lag/org/ulike vel tek kontakt. Saker blir kontinuerleg behandla ift tilskotsordning	X	X	X	Hemsedal kommune
Halvårlege møter med «Kontaktutval for stiar og løyper» (aug/feb). Formål: Mobilisere lokalsamfunnet i utviklinga av nærområda (gjeld også nærområde utanfor konseptskissa).	Forslag medlemmar: Dagleg leiar HUS og Hemsedal Idrettslag, ulike velforeningar, Frivilligsentralen, Turlag, leiar Ungdomsklubben, Historielaget, Foreninga Solstadbrue.	X	X	X	
Sjå på moglegheiter for sambruk og felles utvikling av sti og langrennsløyper innanfor konseptskissa	I dette arbeidet er det ønska å involvere ulike frivillige lag og organisasjonar.	X	X		Kommunen, HUS, HTTL, grunneigarar
Digital medverking langrennsløyper				X	Administrasjon Hemsedal komm.
Oppdatering sti- og løypeplan					
Oppdatere GPS- koordinatar sykkelstiar. kontinuerleg oppgåve.	Legge inn koordinatane for dei nye sykkelstiane i GIS	X	X	X	GIS – Hemsedal kommune
Oppdatere GPS koordinatar sykkelruter. Kontinuerleg oppgåve.	Oppdatere koordinatane etter tabell under for sykkelrutene.				GIS – Hemsedal kommune
Oppdatere GIS koordinatar for stiar; kontinuerleg oppgåve.	X	X	X	X	HUS – GIS kommune
Oppdatere GIS for langrennsløyper; kontinuerleg oppgåve.	X	X	X	X	HUS – GIS kommune
Status rapportering HUS / (HAAS?)					
Årleg status-rapportering	X	X	X	X	HUS
Årleg undersøkelse skuleveg					
Reisevaneundersøkelse skolevei Viken 2022	X	X	X	X	Viken Fylkeskommune: Mobilitetsnettverk/ Trafikktryggleiks- Ansvarleg Hemsedal kommune
Tiltak mål 2:					
Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Turveg med høg grad av tilrettelegging sentrum – revidering temaplan (revidering reg.plan sentrum)					
Linke temaplanen for sentrum opp imot konseptskissa for grøn mobilitet og skissa for turområde i sentrum med høg grad av tilrettelegging i revideringa av sentrumplanen.	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune
Rekkefølgekrav og tiltakssoner					
Føresegnene i arealdelen må reviderast i tråd med avsnitt i FIFA planen om rekkefølgebestemmelsar	X	X			Administrasjon Hemsedal kommune

Oversikt investeringstiltak på stiar og løyper; konseptskissa		X	X	X	Administrasjon Hemsedal komm./ HAAS og HUS
Oversikt investeringstiltak på stiar og løyper; områder utanfor konseptskissa		X	X	X	HUS
Utbygging Trøimshallen					
Utbygging Trøimshallen				X	Administrasjon Hemsedal kommune
Leikeplassar og krav til uterom					
Vurdere å oppdatere føresegnene for leike-plassar i revideringa av arealdelen	X	X			
Vurdere krav til, eller normer for leikeplassar og uterom i arbeid med bustad politisk plan og i revidering av sentrumsplanen.	Sentrumsplanen: Spesifikt regulere leikeplass i kjernen av Trøim sentrum.				
Tiltak mål 3:					
Tiltak	2023	2024	2025	2026	Ansvarleg
Skilting, merking og felles kommunikasjonsplan					
Opplærande skilting; Utarbeiding av felles kommunikasjonsstrategi. Eit samarbeidsprosjekt der ein ser på bruken av informasjon som verkemiddel til å løyse besøks utfordringar.	Felles kommunikasjonsstrategi på nett sommaren 2024: Turistkontoret, kommunen, i bekreftelser på bookingar? På utleige? Info i trykte brosjyrar. Potensielle aktørar: grunneigarar, forskingsinstitusjonar, AHO, Fylkeskommunen, Hemsedal Hytteforening og Foreininga Solstadbrue.	X	X	X	Kontaktutval for Landbruk, HTTL, kommunen. Går også under tiltak i sertifiseringa av Hemsedal som «Berekraftig reisemål».
Lage ein overordna plan for skilting og merking av stiane i nærområda, som ein del av arbeidet med å realisere konseptskissa for grøn mobilitet.			X	X	Kommunen, HTTL
Skilting innfallsportar med enkle overordna visuelle kart; basert på konseptskissa				X	
Sårbarhetsanalyse - workshop					
«Sårbarhetsanalyse» Kartlegge Hemsedal kommune etter «trafikklys-modellen» eller Nordland FK sin metodikk.	Medverking retta mot grunneigarar. Bør gjennomførast i samarbeid med revidering av arealdelen og sjåast i samanheng med ulike omsyns-soner.				Planavdeling Miljøvernrådsgjevar

15 VEDLEGG

- Kortversjonen av FIFA-planen
- Medverknad i planprosessen
- Prosjektplan
- Kunnskapsgrunnlag
- Hemsedal Idrettslag - tilbakemelding undergrupper
- Rapport Hemsedal Skiforening
- Reisevaneundersøkelse 2022
- Liste over prioriterte og uprioriterte anlegg for spelemidler:
 - Prioritert handlingsplan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet 2023
 - Uprioritert handlingsprogram
- Hemsedal Utmarksservice – Statusrapport 2022
- Rapport tilgjengelege friluftsområder i Hemsedal. -Prosjekt i regi av Kartverket, 2022
- Fritidsbruk og naturmangfold i Hemsedal kommune-kunnskapsgrunnlag til «sårbarhetsanalyse»
- Strategiplan HUS (Hemsedal Utmarkssevice) 2022-2026
- Stiar og løyper oversikt